

NR. 5 - NOVEMBER 2024

MASFJORDINGEN



Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



Del 1



GUDSTENESTER

8. desember

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Adventsgudsteneste
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Dåp. Nattverd. Kyrjekaffi
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

8. desember

Granneheimen kl. 18:00
Adventsgudsteneste
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Førjulskvelds etter gudstenesta
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden.

Julekonsertar

Dei tradisjonelle julekonsertane med kor, korps,
solistar og andakt.

Laurdag 14.des. kl. 17:00 Sandnes kyrkje

Søndag 15.des. kl. 15:00 Frøyset kyrkje

Søndag 15.des. kl. 18:00 Solheim kyrkje

Tysdag 17.des. kl. 17:00 Masfjorden sjukeheim

Skulegudstenester

Tysdag 17. des. kl. 09:00 Sandnes kyrkje

Torsdag 19. des. kl. 09:00 Frøyset kyrkje

Torsdag 19. des. kl. 12:00 Matre skule

Julaftan, 24. desember

Masfjorden sjukeheim kl. 12:00
Frøyset kyrkje kl. 14:00
Solheim kyrkje kl. 16:00
Julegudsteneste v/Torbjørn Sæle og Halvor Angelskår
Song og musikkinnslag
Takkoffer til Redd Barna

1. juledag, 25. desember

Sandnes kyrkje kl. 12:00
Høgtidsgudsteneste
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Gruppe frå Fjon musikklag og Sandnes skulemusikk
Nattverd. Kyrjekaffi
Takkoffer til Redd Barna

2025:

19. januar

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Dåp. Nattverd. Kyrjekaffi
Takkoffer til Søndagskolen Norge

26. januar

Sandnes kyrkje kl.18:15
Lysmesse med alle konfirmantane
v/Torbjørn Sæle, Alf Holmaas Helland og Boris
Kuprijanov
Takkoffer til Kirkens SOS.

2. februar

Sandnes kyrkje kl.11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle, prost Helge Taranrød
og Boris Kuprijanov
Nattverd. Ope samling for stab og frivillige med
middag etter gudstenesta
Takkoffer til stiftelsen Kirkens Familievern

9. februar

Solheim kyrkje kl. 18:00
Song-gudsteneste
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrjekvelds etter gudstenesta
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

*Det kan kome endringar. Oppdatert informasjon om
gudstenestene i Masfjorden finn du i kalenderen på
nettsida vår: www.masfjorden.kyrkja.no*

Takkoffer kan gjevast på Vipps nr. 620513.



Framsida: Sandnes kyrkje, foto: Torbjørn Sæle

KYRKJELEGE HENDINGAR

DØYPTE:

27.10.24 Vilma Van Der Veldt Vågset

Solheim kyrkje

Foreldre: Stine Hjortland Vågset og Mathijs Johannes Hendrikus Van Der Veldt

27.10.24 David Eide Vigdal

Frøyset kyrkje

Foreldre: Frida Eide og Oddvar Vigdal

27.10.24 Tomine Kristine Haveland Molland

Frøyset kyrkje

Foreldre:

Solveig Kristine Haveland og Frank Tore Molland

10.11.24 Emilia Haugen Haugsvær

Solheim kyrkje

Foreldre:

Miriam Haugen Haugsvær og Joakim Eikemo Haugsvær

17.11.24 Hedda Andvik

Sandnes kyrkje

Foreldre: Siri Andvik og Tor-Arne Trodal Andvik

17.11.24 Ruth Andvik Haugsdal

Sandnes kyrkje

Foreldre:

Kristin Andvik Haugsdal og Vebjørn Haugsdal

17.11.24 Vetle Andvik Haugsdal

Sandnes kyrkje

Foreldre:

Kristin Andvik Haugsdal og Vebjørn Haugsdal

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Dødsfall

20.06.24 Malfred J. Matre, f 1930

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.

ADVENT

1

Vi ventar på ein konge
for alle folk på jord.
Vi ventar på eit barn
så liten, men så stor.

2

Vi ventar på ein fødsel
med uro, håp og tru.
Vi ventar på eit barn
som hjå oss skal få bu.

3

Vi ventar på eit under,
det nye som skal skje.
Vi ventar på eit barn
som kjem med himmelsk
fred.

4

Vi ventar på ein frelsar
fødd av Maria mor.
Vi ventar på eit barn,
vår Gud med oss på jord.

(Torbjørn Sæle)



Barnas



Fargelegg!

Teikning:
Chiara Bertelli



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Kva
høne har
ikkje fjør?
Svar:
Marihøna



Vits



Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A



Finn fem feil

Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne vegen til Elisabet?

Teikning: Chiara Bertelli



Søndagsskolen – mer enn du tror

EIT STORT LYS

Vi les gjerne frå Jesajaboka kapittel 9 på julaftan. «Sanneleg, det skal ikkje vera mørker for henne som er i trengsle. Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram. For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven.»

I skrivande stund rasar krigen i Midt-Austen. Menneska som høyrer til der vert ramma av død, øydelegging, frykt og tankar om hemn. Vi som er langt borte ser på nyheitene og vert motlause og kjenner at håpet svinn for ei framtid utan konflikt og krig.

Kontrasten mellom den vakre bibelske forteljinga i Jesajaboka og det vonde som skjer i dag er stor. Så stor at vi i fortvilninga kan tenke at i år bør vi legge bort juleevangeliet. For vert det ikkje for naivt eller for enkelt for oss som er så heldige å leve i eit land der det rår fred og ikkje krig? Men, det er akkurat no vi skal tenne lyset og la det stråle fram. Og jubla og glede oss over underet. Og samle oss om Barnet.

Menneske som er ramma av krig ville ikkje vere hjelpt om vi i solidaritet skulle avlyse jula. Gud er ikkje borte. Gud er til stades - også i vår tid.

Bibelforteljingane i Det gamle testamentet vitnar om at Gud alltid har vore til stades i menneska si historie. Profetane som i århundrar minna folket om Gud sine handlingar med folket. Og som formidla håpet om Han som skulle kome – Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste.

Og Gud var rikeleg til stades då Barnet vart fødd og ein son vart oss gjeven. I Det nye testamentet vert vi kjent med Jesus. I møte med menneska er Han livsnær og direkte.

Gud var også rikeleg til stades på Moster då kristenretten vart innført. Den enkle bibelske sanninga om at alle menneske er skapte i Guds bilde fekk ei radikal nytolking som profetisk peika fram mot eit samfunn der makt forstått som den

sterkaste sin rett vart avløyst av tanken om at alle menneske er ein del av same fellesskapen, og av den grunn har plikt til å ta vare på kvarandre.

Gud var rikeleg til stades i Bergen då kong Magnus Lagabøte gjorde sitt meisterstykke å samle Noreg i Landslova. Alle domsavgjerdar vart no prøvd på om den dømde var vist Miskunn og Rettferd. Om Sanninga var kome fram. Og om domsavgjerdar ville bygge Fred.

Så lat oss også i vår tid frimod leve i trua på at Gud er rikeleg til stades. Også i vår fortvilning og våre bønner om fred. Og i vår glede og forventning over å gå høgtida i møte skal vi sleppe jubelen laus. Med ynskje og bøn om ei velsigna julehøgtid og eit nåderikt nytt år.

Helge Taranrød, prost i Nordhordland



NOKO SOM GÅR RETT HEIM?

Kvar julaftan les vi juleevangeliet i kyrkja. Mange har hatt den tradisjonen at dei les det høgt heime også. Sjølv om det kan verke som litt «dobbel opp», dersom ein har høyrte det på julegudstenesta, skjer det noko nytt når det skjer heime. Det er rett og slett ein svært vakker skikk. Det er kanskje ikkje så ofte ein les noko høgt heime. Men julaftan er annleis på så mange vis. Så kanskje be nokon av barna øve seg på det, og la det bli noko som kan gjere dei stolte og som dei hugsar seinare i livet? Det kan knytast til det dei lærer på skulen både om høgtlesing og om kvifor ein feirar jul.

Det er ein annan grunn til at det passar særleg godt å lese juleevangeliet heime: Det handlar jo om ei familiehistorie. Riktig nok er det ei litt spesiell historie om ein fødsel under heilt spesielle forhold, i alle fall i forhold til kva vi har erfart om fødsler. Men ein fødsel er ei oppleving svært mange – også menn – har vore med på. Og det er av dei sterkaste opplevingar i livet. Mykje blir lite samanlikna med det.

Når vi les frå Lukasevangeliet i det andre kapittelet «I dei dagane let keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal utover heile verda», så kjem det rett etter historia om ein mann som har blitt slått av gleda og alvoret i å få ein son. Det er rett frå ei intern familiehistorie til verdspolitik. Sakarja var namnet, og han er far til døyparen Johannes. Vi får høyre korleis han bad då han skulle uttrykke den enorme gleda og forventning til at eit nytt menneske skulle bli født. Det er eit vakkert dikt, men det vert omtala som ein profeti om kven Jesus skulle vere – for heile verda.

Eit nytt liv er eit under for dei som er foreldre og familie til barnet. At Jesus vart født, som Guds Son, er eit under for alle menneske. Det er eit uttrykk for at Gud vil kome «rett heim» til oss alle. Difor heiter det i det vakre diktet som Sakarja sa fram om han som skulle kome:



«Slik skal lyset frå det høge
gjesta som ein soloppgang
og skina for dei som bur i mørker og
dødens skugge,
og styra Våre føter inn på fredens veg.»
(Luk 1, 78-79)

I dagens verd er det alt for mange som «bur i mørker og dødens skugge». Dei treng desperat at det er nokon som kan «styra våre føter inn på fredens veg.»

Det går «rett heim» hos dei fleste av oss at fred har noko med jul å gjere. «Fred på jorda!» syng vi, og håpar på ein eller annan måte at det er sant. Ja, i jula ønskjer vi oss fri og fred frå oppgåver og mas. For nokon er dette veldig aktuelt. Nokon lever i konflikhtar i nære relasjonar, eller i dei store konflikhtar i verda. I Midtausten er det mange familiar som har mista sine i krig nettopp dette året. I Noreg er det mange fleire flyktningar i år enn det har vore før, særleg frå Ukraina.

Vi kan alle gje nokon eit teikn på at Guds fred høyrer heime hos oss. Ja, at juleevangeliet er eit budskap om at Gud vil noko som «kan gå rett heim» hos nokon kvar. Gud vil gi fred i hjarta og fred i verda.

Difor feirar vi jul. Vi feirar at Gud kjem «rett heim» til oss. Når vi les juleevangeliet. Ja, eigentleg når som helst, akkurat som når sola står opp og skin for oss alle. Då gjeld det å dra bort gardinene og la lyset strøyme inn.

Difor feirar vi jul både i kyrkja og heime.
Velsigna julehøgtid!

Av Olav Fykse Tveit, preses i Den norske kyrkja

50-ÅRSKONFIRMANTAR

Søndag 22.september møttest 9 av oss som vart konfirmerte våren 1974. Alle tre sokna var representerte. Me møttest til gudsteneste i Sandnes kyrkje og hadde ei samling på Snikkarbua på Kvingo etterpå.

Mange var ute i god tid, så praten begynte på kyrkjebakken før gudstenesta. – Det var ikkje vanskeleg å kjenna kvarandre att, sjølv om fleire ikkje hadde sett kvarandre på lang tid.



F.f.v.: Solveig Kvingedal, Iren Oppedal, Olga Tvedt, Jan Otto Daae

B.f.v.: Håkon Vangsnes, Øyvind Furebotn, Vidar Duesund, Mary Hope, Eivind Eidsnes

I gudstenesta vart me presenterte og spurt nokre spørsmål om konfirmasjonstida. Det vart ikkje så mykje sagt om kva me lærte, men at ein på overhøyringa kunne vise teikn på om ein visste svaret når prest Øysed «overhøyrde» oss. Dette var me alle glade for. Overhøyring var det mange som grua seg til, men med Øysed gjekk det bra.

Praten og mimringa held fram under middagen på kafeen, der også sokneprest Torbjørn Sæle og organist Boris Kuprijanov tok del. Organisten spelte til allsong og soknepresten hadde laga ein morosam quiz der me tok i bruk både kunnskap og flaks - både svar og terningkast. Me hadde også ein runde rundt bordet der me



fortalte om kva me hadde halde på med dei siste 50 åra. Sjølv sagt i kortform; ein delte det ein ville om familie- og arbeidsliv mm.

Det var ei triveleg samling og timane gjekk fort. Skulle ønskje at endå fleire hadde kome til jubileumsfeiringa.

Tekst: Olga Tvedt
Foto: Eli Eidsnes og
Torbjørn Sæle

LYS I MØRKET

Ting tek verkeleg av når konfirmantane i Gulen, Solund og Masfjorden mønstrar opp i Gulen kyrkje...

Det var ei spent forsamling som troppa opp i Gulen kyrkje fredag den 8. november med ryggsekk, liggeunderlag og soveposar. Den nye soknepresten i Gulen, Håkon Økland Kinsarvik, hadde nemleg tromma inn alle konfirmantane i mils omkrins og vel så det: Det var tid for å sprengje kommunegrensene ein gong for alle: Soknepresten i Solund, Bjørn Magne Hansen, hadde teke turen over Sognefjorden med konfirmantane i Solund, Torbjørn langs vegen innetter fjorden med sine håpefulle og Håkon stilte med ein solid gjeng frå Gulen. Mangeårig konfirmantarbeidar Maren Daae Eide, ivrig assistert av eldsjelene Eirik og Odin, var på plass. Det var duka for litt av ein fest.

Dei som trudde dette skulle verte ein traurig kveld med tynn salmesong, halvmjuke Mariekjeks med lett margarin, pugging av Luthers forklaring av katekisma og tilmålte mengder med endå tynnare hushaldningssaft, tok skrekkeleg feil: Håkon hadde førebudd eit opplegg som tok pusten frå sjølv den mest garva av oss:

Etter ein koseleg velkomsthelsing frå Maren i ei lys, trygg og varm trekyrkje snudde alt seg: Flakkande lampar og blytunge barokkakkordar nedetter mollskalaene på pipeorgelet sende brått eit drivande gys gjennom kyrkja så det rista i benkene. Dei fleste fekk ein kraftig støkk, konfirmantarbeidarane inkludert. Bjørn Magne redda oss heldigvis ut i lyset att med ein andakt og minte oss på det viktigaste: Mørkret, uansett kor trugande og stort det kan verke, må alltid vike for ljuset. Og ljuset, det er Jesus. Eller som det står i Johannes 12,35: «Gå så lenge de har ljuset, så ikkje mørkret skal falla på dykk. Den som går i mørkret, veit ikkje kvar han kjem av».

Etterpå var det klart for ein solid dose varm pizza frå det lokale bakeriet på Eidsbotn. Det smakte himmelsk i rommet bak i kyrkja.

Håkon hadde laga eit rollespel etter malen frå TV2 – «Forræder». Opplegget var at det var ei gruppe med lojale og ei gruppe med sabotørar blant konfirmantane, men at ingen utanom sabotørane visste kven desse var. Gjennom å studere åtferda til kvarandre og halde rådsmøte skulle me prøve å finne ut kven som var lojale og kven som var sabotørar. Temmeleg komplisert og temmeleg spanande.

Maren delte konfirmantane i lag og me fekk tid til å bli kjent i grupper på tvers av sokn. Etterpå vart me sendt rundt i kyrkja og til Borgstova utanfor for å løyse ulike praktiske oppgåver.




Gjennom alt dette måtte konfirmantane prøve å finne ut kven som hadde rolla som lojal og kven som var forrædar. Morsealfabet, oversetjing av hebraiske tekstar, gåter, talkombinasjonar, bibelvers, puslespel, kombinasjonslåsar, det tok ingen ende. Det var som å vere Hercule Poirot for ein kveld. «Mord» vart det også. Konkurransen var knivskarp til siste slutt, men heldigvis klarte dei lojale å finne forrædarane og vinne slaget, like før 23.00 på kvelden.

Då passa det også perfekt med kveldsgudsteneste: Nokre av konfirmantane stilte opp som medliturgar i bønna. Bjørn Magne trylla fram vakre tonar frå pianoet og konfirmantane song. I preika fortalde Torbjørn om korleis det kan vere når brå død og sorg slår inn i liva våre og gjer oss motlause. Det er då me må vere sterke og sjå oppover, framover: Trua på noko bak døden, ein ny start, eit nytt liv, det er det som kan løfte oss over sorga. Odin las evangelieteksten og me sat alle i kyrkja, ettertenksame. Tankane gjekk til løftet som Jesus gav oss, slik han gjorde det i Johannes 14,27: «Lat ikkje hjarta dykkar uroast, og ver ikkje motlause!»

Etter gudstenesta gjekk superfriskusane, dei som enno ikkje var skikkeleg trøytt, til felles aktivitetar med Eirik i Borgstova fram til kvart over eitt. Dei andre breidde ut liggeunderlaget og kraup i soveposen mellom benkene. Sjølv kjende eg på sterk trong for å komme så nært Vår Herre som eg kunne. Det var på sin plass å takke. Takke Gud for ein fantastisk kveld med herlege opplevingar, så plassen fremst i koret, bak altertavla, måtte passe perfekt. Kyrkja fall til ro, freden breidde seg som eit varmt ullteppe i kyrkjeskipet og eg falda hendene mine i djup takksemnd før eg stilt somna, lukkeleg i vissa om trygg englevakt på kyrkjetrappa.

Det var då det hende: At eg vakna. Ståande. I ein Ajungilak sovepose. Til Johannes Openberring. Og det var visst ikkje fyrste kapittel heller. Kva var dette? Eit brøl frå djupet. Det høyrdest nesten ut som om nokon hadde fyrt opp ein dieseldriven industrikompressor. Inne. Men dette pusta... Og det pusta tungt. Kva var det for noko? Bakveggen til altertavla dirra i halvmørket. Ingen tvil, akustikken i Gulen kyrkje var upåklageleg. Eg tok mot til meg og myste forsiktig forbi kanten: Der såg eg konturane av ei samansnurpa



hengekøye mellom søylene i koret. Og ein annan som pirka borti kokongen og prøvde å vekkje syndaren. Til ingen nytte. Det var dette Maren meinte med «alterduren», eit særeige akustisk fenomen som av og til pregar overnattingane i Gulen. Unikt.

Neste morgon var konfirmantane kjapt på beina. Dei var ferdig pakka på rekordtid. Det var verre med oss andre. Det hjelpste ikkje at altervinen ved nattverden i går var utan alkohol. Det fyrste kvarteret gjekk med på å røyse seg opp på alle fire. Det neste kvarteret arbeidde me med å komme opp i ståande stilling. Men me lukkast. Redninga vart tre koppar krutsterk kaffi på kommunehuset.

Etter ein himmelsk frukost med eggerøre, fersk brød og herleg pålegg var det felles samling i kyrkja, der me avslutta med ord for dagen, song og velsigning. Dette markerte slutten på ei fantastisk samling. No fekk endeleg konfirmantane frå alle tre kommunane komme saman og verte kjende med kvarandre. For eit framifrå opplegg! Ein stor takk til sokneprest Håkon Økland Kinsarvik og det drivande gode laget hans for strålande opplegg og regi. Slike samlingar må me ha fleire av!

Tekst: Alf Holmaas Helland

Foto: Alf Holmaas Helland, Torbjørn Sæle

MIN SALME



Det er søndag, det er oktoberkveld og det er striregn. Ikkje av dei kveldane med så mange byger, det er heller den dagen med den eine byga. Den lange. Henrikke Ynnesdal (91) er ikkje av den lettskremte sorten og har fyrt godt i omnen når eg kjem. Ho har vore på farten og er nett kommen heim på Molland.

«Henrikke, du sa til meg at du hadde ein favorittsalme. No er eg spent. Kva for ein er det?»

Henrikke smiler. «Det skal eg seie deg. Og det ligg ei artig historie bak, skal du høyre: I 1949 var eg seksten år og skulle starte på realskule på Lindås. Det var litt av ein overgang frå folkeskulen og gardsdrifta oppe i Fossdalen. Me måtte reise med Matredal til Fanebust og bu borte i vekene. Det var smått med kapital så me måtte vere forsiktig med finansane våre (Henrikke smiler). Ikkje var det så mykje å gjere etter kveldstid når me var ferdige med leksene heller.

Ein kveld høyrde me vakker song og flott gitarspel frå eit bedehus like ved. Me vart nyfikne og stakk nasene våre innom. Der vart me varmt mottekne og fekk vere med på flott allsong. Ho med gitaren var flink til å syngje og spele! Det var der eg høyrde salmen «Navnet Jesus blekner aldri» fyrste gongen. Nett den salmen stod ikkje i utgåva vår av Nynorsk Salmebok som me hadde i folkeskulen. Der møtte me også ein misjonær som hadde vore i teneste på Madagaskar. Valborg Moi heitte ho. Eg trur ho skjønna at me ungdommane hadde det temmeleg trongt i pengevegen, for ho forærde meg ei songbok og skreiv namnet sitt i henne. Det gløymer eg aldri.

Dette er vel grunnen til at nett denne salmen er vorten ein av favorittane. Flott tekst og nydeleg melodi. Eg kan han utanåt. Henrikke smiler. Ho er framleis lett på foten, men gamblar ikkje på å ta vegen ned kjellartrappa utan gelender. Det gjer ikkje eg heller, for kjellartrappa til Henrikke er ikkje for amatørar.

Ute regnar det utan stopp. Henrikke følgjer meg like ut og vinkar farvel. Ho spør om eg treng ei skoskei, men eg bøyer meg ned, nikkar pent og takkar nei. Henrikke ser på meg, smiler og seier: «Nei det treng du saktens ikkje. Du, Alf, du er no berre barnet!». Ho har rett. Eg er eit barn. Og Henrikke er ein ungdom. På 91. Trur ikkje ho treng skoskei ho heller...

Tekst og bilete: Alf Helland

Navnet Jesus blekner aldri står på nummer 86 i Norsk salmebok. Teksten er skriven av David Welander i 1923 etter Salme 72,17. Melodien er frå Zulukirken.



Navnet Jesus blekner aldri

Navnet Jesus blekner aldri,
tæres ei av tidens tann.
Navnet Jesus, det er evig,
ingen det utslette kan.
Det har bud til unge, gamle,
skyter stadig friske skudd.
Det har evnen til å samle
alle sjeler inn til Gud.

Navnet Jesus må jeg elske,
det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse,
intet annet frelse kan.

Jesu navn! Hvor skjønt det klinger,
la det runge over jord!
Intet annet verden bringer
håp og trøst som dette ord.
For det navn må hatet vike,
for det navn må ondskap fly.
Ved det navn skal rettferds rike
skyte friske skudd på ny.

Navnet Jesus må jeg elske,
det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse,
intet annet frelse kan.

Midt i nattens mørke blinker
som et fyrlys Jesu navn,
og hver hjelpløs seiler vinker
inn til frelsens trygge havn.
Og når solen mer ei skinner,
Jesu navn, det lyser enn.
Da den frelste skare synger
høyt dets pris i himmelen!

Navnet Jesus må jeg elske,
det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse,
intet annet frelse kan.

SONGGUDSTENESTE I GRANNEHEIMEN



Sundag kveld, den 10.november, vart det skipa til songgudsteneste i Granneheimen på Kvingo. Det var Torbjørn som hadde opplegg og regi, medan Boris trakterte pianoet og Else Iren stod for nydeleg song. Temaet var håp og fred og det var mange spennande musikalske perler frå heile verda, med utgangspunkt i songskatten som me har i Norsk Salmebok: Det var tekstar frå den verdsvide kyrkja, Sør-Afrika og Amerika og norske håpssongar, både tradisjonelle og nye, med fengande tangotakter, Forde Alnæs sin melodi «Vitae Lux» og gripande gospel.

Eldbjørg Mjanger las bibelteksten denne kvelden. Den var frå Matteus 14,22—34, den alltid like spennande historia om då Jesus kom gåande på vatnet mot lære-sveinane i storm og høge bølger. Flotte soloinnslag frå Else Iren og Boris vart det også plass til – klassikarane «Wade in the Water» og ein aldeles nydeleg nynorsk versjon av «Så reis meg opp». Konfirmantane våre var som alltid med, dei las forbøn og ringde med klokkene. Til slutt overraska Torbjørn prest oss med ein ny, eigen-komponert kveldssalme med melodi av Ove I. B. Daniel-sen. Og høgdepunkta tok ikkje slutt der: Etter gudstenesta diska dei fantastiske kyrkjevertane våre opp med både lekre snittar, heimelaga eplekake og kakao. Kunne det verte betre? Neppe.

Ei minneverdig oppleving for små og store! Konklusjon: Dette må me gjere ein gong til, minst...

Tekst og foto: Alf Helland

FRÅ FOLSOM TIL FRØYSET - THE TENNESSEE THREE KJEM TIL MASFJORDEN

Haut i Frøysetvågen. Definitivt. Det regnar jamnt, slik det har gjort i heile dag. Mørkt er det også, sjølv om klokka berre er litt over halv fem på ein sundags ettermiddag. Det lyser frå Frøysetkyrkja. Utanfor står eit par bilar parkert, elles er det ingen teikn på at noko er på gang.

Likevel: Det er det. Heilt sidan klokka elleve i formiddag har lydteknikar Andreas Scholl rigga kyrkjebygget innvendig. Han smiler breitt når han set opp testmikrofonane, sjekkar balansen, input, output. Bass. Diskant. Akustikken er ikkje verst. Her er det mogleikar, tenkjer han, medan haugen av dobbeltisolerte lydkablar veks på kyrkjegolv. No er han svolten, det høyrer han på rumlinga i magen.

Inne i kyrkjelydssalen har dei andre samla seg til ein matbit: Øyvind Dalland Husabø har stemt el-gitaren, sjekka dobroen og gått gjennom alle riffa til Luther Monroe Perkins i hovudet. Rune Haugland sit på andre sida av bordet. Svart skjorte, gråstenkt hår, han liknar mistenkeleg på ein eg har sett før. Marshall Grant? Den svarte bassgitaren står like ved preikestolen. Vokalist, perkusjonist og pianist Stine Karin Sæle er litt meir nervøs. Vil stemma halde? Ho smiler før ho tek seg eit god slurk av vassglaset. Hovudvokalist Andreas Sagstad Berg sit heilt stille lengst oppe ved bordet. Han seier ikkje eit ord. Eg trur han ber. Det gjer presten også. Kva er det som skjer i Frøyset denne våte, mørke ettermiddagen?

Jau, det skal vere gudsteneste. Med nattverd. Til songar av Johnny Cash. Det skal handle om tru, tvil, det harde livet og vegen attende til nåden. Eg står ute på kyrkjetrappa og ser utover vegen. Halv seks. Ein halv time til det skal starte, men ikkje ei sjel å sjå. Tvilen kjem snikande. Kjem det nokon i det heile? Kven ville no finne på å trasse regnet og våge seg ut på vegen ein sundag i trøysteslaust sipevêr? Brått skjer det: Ei mørk, klar basstemme, ho kunne vore frå Tennessee, bryt stilla. Er det Johnny Cash? Nei, det er Andreas. Men stemma er lik.



Eg kjenner håra røyse seg på armen, så lik er han «The Man in Black.» Bandet stemmer i:

«Oh well, I'm tired and so weary
But I must go alone
'Til the Lord comes and calls
Calls me away, oh yes
Well, the morning's so bright
And the lamp is alight
And the night
Night is as black as the sea, oh yes

«...as black as the sea, oh yes...» tenkjer eg. Det hadde han jammen rett i. No er det blitt godt mørkt ute og regnet gjev seg ikkje. Ikkje kul.

Då skjer det: Lyset kjem: Ei endelaus rekkje av bilar svingar seg innetter vågen. Og oppe frå Sleire ser eg også billys. Drosjen svingar inn framfor kyrkjeporten. Brått aular det med folk. Kor i all verda kjem alle desse menneska frå?

Ti minutt etter er kyrkja full. Lysa er tent og alt eg kan sjå er tett i tett med bygdefolk som stille set seg ned. Det er som det er både jul og påske på ein gong. Fuktige paraplyar står i gangen, stemmer kviskrar. Smil, forventning.

Kyrkja lyser. Bygda er samla. Guds fred seinkar seg over staden. Me er ei bygd igjen. Eit fellesskap. Og vi står samla i lyset. Og syng. I den mørke haustkvelden.

Bibelteksten er henta frå Lukasevangeliet, kapittel 15, vers 11 til 32. Det handlar om den bortkomne sonen, han som fekk utbetalt sin del av arven, reiste bort og skusla bort althop. Fattig og vonbroten tok han så mot til seg, reiste heim til far sin og ba om tilgjeving. Far hans vart overlukkeleg over å sjå han att og stelte til stor fest medan bror hans vart harm og misunneleg. Og det er her faren kjem med dei berømte orda: «Du er alltid hos meg, barnet mitt, og alt mitt er ditt. Men no må vi halda fest og vere glade. For denne bror din var død og har vorte levande, han var bortkomen og er atfunnen.»

Og det er nett dette me får høyre Cash-bandet syngje om i Kris Kristofferson sin tekst «Why Me Lord» frå plata «Jesus Was a Capricorn»:

«Try me Lord.
If you think there's a way
I can try to repay
all I've taken from you.
Maybe Lord, I can show someone
else,
what I've been through myself,
On my way back to you.»

Kyrkja er for alle. Ho er ein heim for heile bygda, i gode så vel som i vonde tider. Her har me ein plass å høyre til, ein plass å gå til. Om me slit med rus,



tynnslitne ekteskap, er einsame eller har møtt veggen på jobben. Far vår er like glad i oss alle saman, sjølv når me har sett alt over styr og køyrt oss godt nedi grøfta.

Etter gudstenesta står det eit dekket bord i midtgangen, rett under kyrkjekipet. Det er varmt i kyrkja. Det er menneske, lys, smilande fjes, glade stemmer i haustkvelden som nynnar på postludiet:

«I remember when I was a lad
Times were hard and things were bad
But there's a silver lining behind every cloud
Just poor people, that's all we were
Tryin' to make a living out of black-land dirt
But we'd get together
in a family circle singing loud...»

«Kva vert det neste?», tenkjer eg på vegen heim med kaffikopp i den eine handa og eit tebrød i den andre. Bobby Bare i bedehuset eller George Jones i Granneheimen? Bygda er klar til å samlast på ny, kva tid som helst, så lengje me har slike gudstenester, slik musikk og slikt fellesskap. Difor: Ein stor takk til alle som var med, både arrangørar og gjestar. For ei stund det vart! Gud signe dykk alle.

Tekst og foto:
Alf Helland



CUBA-KVELD I SOLHEIM KYRKJE



Søndag 6. oktober inviterte kyrkja til «Cuba-kveld» i staden for den vanlege gudstenesta. Og folk let seg ikkje skremma av den litt uvanlege tittelen, men fann vegen til kyrkja for å møte våre kollegaer Ingunn og Aslak Sognnes. Dei hadde nemleg tatt turen over Sognefjorden for å fortelje og vise bilde frå Cuba.

Ingunn og Aslak byta på å fortelja om turen dei tok saman med ei gruppe på 20 frå Bjørgvin bispedømme, for å besøkje venskapskyrkjelydar på Cuba. Dei fortalte om levande kyrkjelydar der kvinnene var i fleirtal, og dei tok med seg heile storfamilien til gudsteneste. Om eit voksande ungdomsarbeid, og engasjerte leiarar som byggjer nye kyrkjelydar.

Men dei fortel òg om eit land der folk manglar det meste, og om økonomi og inflasjon som er ute av styring. Det er mangel på medisinar og utstyr på sjukehusa, drivstoff, straum og mat. Gåvene dei hadde med, som sanitetsartiklar, leikar, teiknesaker og medisin kom godt med, og vart tatt godt imot. Forteljingane blei levandegjort for oss med mange fine bilde frå opphaldet deira, og me gløymde heilt klokka når dei fortalte så levande og engasjert om eit land som er så annleis enn vårt. Takk til Ingunn



og Aslak som delte sine opplevingar og lærte oss om Cuba og våre søsterkyrkjer der.

Det vart og tid til å syngje saman, songar med gode rytmar i, om lag som dei gjer på Cuba. Allsongen vart flott leia av fleire frå forsongargruppa på Solheim. Og ein av ungane i kyrkja kom fram og ville være med, så rekrutteringa til forsongargruppa lovar godt. Til slutt runda me kvelden av med ein god kyrkjekaffi, og tid til å slå av ein prat med våre gjestar og kvarandre.

Tekst: Eli Eidsnes

Foto: Torbjørn Sæle

BARNEKORET I KYRKJA

Den dagen sommaren var på besøk i Masfjorden, altså 05.09.24 vart det starta opp barnekore i Sandnes kyrkje. Fire barn møtte. I dag er det 12-14 barn, og det er plass til fleire no når kulda set inn.

Me øver kvar torsdag kl 17:30-18:45 i Sandnes kyrkje. (Ferjevenlege tider).

Siste øvinga før jul vert 12.12 til vanleg tid, med ei uvanleg juleavslutning.

Me startar oppatt 09.01.25 også til vanleg tid. Det er ikkje påmelding til koret, så det er berre å møta opp, men det blir ført frammøteliste. Barnekoret er eit prøveprosjekt.

Me ønskjer oss fleire barn frå Sørsida og Indrefjorden. Barnekoret er for heile Masfjorden!

Så har me ein konkurranse gåande om kva koret skal heite?

Forslag kan sendast til
else.iren.westervik@kyrkjaimasfjorden.no
eller på sms 95226595 Else.

Tekst: Else Iren Westervik

KONSERT MED OVE DANIELSEN

Onsdag 6. november tok Ove Danielsen turen til Masfjorden med konserten sin «Gjennom livet går ei sorg». Midt mellom søndagane med minnegudstenester delte Ove med si flotte stemme og gode pianospel songar frå sitt virke som gravferdssongar gjennom 25 år. Han framførte både kjente songar skriven av andre og nokre av sine sjølvskrivne songar. Songar som gjerne har vore til trøyst, og songar om håpet i trua, og lovnaden om det evige livet.

Soknepresten vår Torbjørn Sæle las så fint Ove sine egne historier om livet hans som «sorgsongar» og om Ove sine egne sorgerfaringar når «fru Alzheimer» flytta inn til familien hans og tok faren i frå dei tidleg.

Til slutt fekk me ei urframføring av den heilt nyskrivne songen «Dagen er til ende», som Torbjørn har skrive teksten på og Ove melodien.

Til saman vart dette ein flott konsert og fleire av dei frammøtte sa at dette var ei fin stund i Sandnes-kyrkja denne kvelden og at det var ein konsert som gjorde godt for dei frammøtte.



Tidlegare på dagen var og Ove og Torbjørn på sjukeheimen med song og tekstformidling. Roen senka seg over arbeidsstova, og det vart ei salig stund avslutta med kaffi og kaker og god prat rundt borda.

Tekst og foto: Eli Eidsnes

SUPERSØNDAG

Fem kjappe på kyrkjetrappa

Eg har møtt nokre folk etter gudstenesta og spurt 5 kjappe spørsmål etter Supersøndagen i tre kyrkjer 27.10.24. Denne dagen fann til saman over 300 vegen til gudsteneste, 4-åringar og 10-åringar fekk utdelt bøker, tre barn vart døypte og barnekoret song i Sandnes kyrkje.

- 1) *Korleis var det for deg å koma på Supersøndag i Solheim kyrkje?*
- 2) *Likte du songane?*
- 3) *Kva med preika?*
- 4) *Andre ting du beit deg merke i?*
- 5) *Vil du anbefala andre å koma på Supersøndag?*



Sveinung Hope i Solheim kyrkje

1. Eg kom litt seint så eg sette meg i bakraden på galleriet. Eg såg fram til å vera med som forsongar.
2. Det var fine songar, sjølv om nokre av dei var ukjende. Det er alltid ei utfordring å læra nye. Likte barnesongane særst godt, spesielt den ved 4-årsbok-utdelinga. Det kan vera eit slit for oss vaksne å klara å bevega oss, men det får me berre finna oss i. Då er det kjekt å stå på galleriet.
3. Den var lagt opp til barna. Dokkene Lars og Line var også fine for barna. Interessant å høyra at Jesus vart sint når dei ikkje tok imot borna. Så då er det altså lov å verta sint når ein har eit viktig budskap og seia.

4. Fint å sjå og høyra dei som ikkje er så vant til gudsteneste lese teksten til dåpsfolka. Det var ei der som kunne alt utaboks. Det gjorde spesielt inntrykk på meg.
5. Ja, det kan eg veldig gjerne gjera. Alle kan koma der og det er stor takhøgde, sa Sveinung frå galleriet.



Solveig Kristine Haveland og dottera Marlene i Frøyset kyrkje

1. Solveig: Veldig kjekt og god stemning. Flott laga til.
1. Marlene: Gøy og kjekt, god stemning, mykje fin musikk.
2. Solveig: Det var veldig fine songar. Fine for borna også. Kjekt når til og med dokkene song med.
2. Marlene: Ja, lett å læra å synga dei.
3. Solveig: Fin preik og fint fokus for oss som hadde dåp, og for dei som fekk utdelt bøker. Den var retta mot barn og unge. Også kjekt at dokkene deltok. La også merke til at heile preika gjekk på rim.
3. Marlene: Hugsar godt dokkene. Dei klarte å halda meg våken. Godt at Jesus tok i alle eller rørte ved dei, supplerer mamma. Det skaper fellesskap.
4. Solveig: Familien og ungane var i sentrum. Timen gjekk veldig fort. Spanande med dåp, utdeling av 4 og 10-årsbok og at det blei klapp til songane. Kjekt at konfirmantane deltok.
4. Marlene: Det var to som blei døypt, og den eine var systera mi. Eg måtte lesa teksten. Det var litt

skummelt, men heldigvis funka stemma godt når eg skulle framføra og eg kjende på god meistring.

5. Solveig: Ja, ungane får ei god oppleving å koma til kyrkja. Det blir ei kjekk oppleving for heile familien. Dessutan er det kjekt å gjera noko i lag. Det blei ei naturleg deltaking i song og dans.
5. Marlene: Ja! Det var gøy og masse fin musikk.



Søstrene Kristin Andvik Haugsdal og Siri Andvik i Sandnes kyrkje

1. Kristin: Kjekt med masse folk og at det var så uhøgtidleg og livleg.
1. Siri: Og så var det veldig familievenleg.
2. Kristin: Det var veldig fine songar.
2. Siri: Gøy med «Boblesongen» og kjekt med det nye barnekoret.
3. Siri: Jenta mi var litt over alt så eg fekk ikkje så mykje med meg, men fekk no med overskrift som var «La barna koma til meg». Det synes eg var veldig passende.
3. Kristin: Og dokkene var veldig familievenlege òg.
4. Kristin: Det var 131 på gudstenesta, hurra! Og så var det «Boblesongen» og Gulliver då som var kul.
4. Siri: Ja, det var så mange ting som skjedde samtidig.
5. Absolutt, svara dei i kor. Og kyrkjekaffien var

eksemplarisk! (Kristin stod for kyrkjekaffien denne søndagen!)



Heilt til slutt dukka medarbeidarane Alf og Anke Helland opp på kyrkjetrappa. Dei var eit einaste stort smil begge to. Dei hadde også vore i Frøyset kyrkje, så eg drista meg å spørje kvifor dei også var her? Me var nysgjerrig på det nye barnekoret, svara Anke. Dette var den beste gudstenesta ever, svara Alf. Når det levande ordet vert framført med liv, og ungane bevegar seg i songen er det som små blomster som strekker seg mot lyset. Dette får bli punktum for denne gong.



Tekst: Else Iren Westervik

Foto: Eli Eidsnes, Alf Helland, Lillian Andvik

SOKNERÅDSPRATEN MED STIAN SØVIK

Det står ein gul bil ute i tunet. Ein uniformert utrykningsbil. Er det brann? Er det flaum? Har fostervatnet gått? Nei. Det er fredag, klokka er halv fem om ettermiddagen og det kan berre tyde på ein ting: Stian er her. Stian frå soknerådet. Me diskuterte litt om møteplassar for intervjuet og saka var klar: Børsemakarverkstaden var staden. Heilt naturleg. Hjortejakta er jo allereie i full sving. Og børsemakaren har Moccamaster som fungerer. Men ikkje eit ord om jakt og våpen, her skal drøsen gå om åndelege ting.

«Stian, dei fleste her i kommunen kjenner deg anten som ihuga trenar frå fotballbana, som ein av tøffingane i redningskorpset til Gulen og Masfjorden Brann og Redning eller som arkitekten bak raffinerte fløytesausar og lukulliske bryllaupsmiddagar i kommunen. Er det faktisk tid til meir? Me andre har ikkje meir enn knapt 24 timar i vårt døger.»

«Godt spørsmål, det der. Tida går som ein røyk. No får eg faktisk litt tid til å gå på jobb også (Stian smiler), no hjå Firda Seafood ved anlegget deira i Gråvik, men salte. I år har det vore heise travelt, knapt tid til å sanke sopp, sjølv om soppåret var formidabelt. Det er mykje som skjer. Men familielivet er viktig.»

«Klart det. Og jakta, sjølv sagt. Men du klarte likevel å finne tid til å vere med i soknerådet?»

Kva var motivasjonen her?»

«Klarte faktisk det også. Vart litt jakta på eg også, og somme tider er det ikkje lett å sleppe unna, då må ein til pers. Misforstå meg rett her, soknerådet er FANTASTISK. Eg ante berre ikkje kor viktig det var før eg vart medlem sjølv. Og då spør ein ikkje etter motivasjonen, den berre kjem.»

«Interessant. Kan du forklare litt nærmare?»

«Jau, det har seg slik at når ein er i rådet, då ser ein lettare dei store samanhengane. Kyrkja er mykje

viktigare enn mange trur. Her vart eg både døypt,



konfirmert og vigd. Og no har eg opplevd at ungane mine er døypte og konfirmerte der også. Kyrkja legg på mange vis rammene rundt liva våre, om me vil eller ikkje. Og når ein ser på den fantastiske jobben Torbjørn, Rune og Eli legg for dagen, MÅ ein berre verte inspirert. Slikt smittar.»

«Stian, det der trur eg på. Sansar eg rett, var du også ein rasar på kjøkenet i den tida me hadde Fredagsklubb og Fem Pluss. Då du var der, lukta det alltid deilig pizza og taco. Stemmer ikkje det?»

«Ja, ikkje alltid, men pizza på fredagskvelden, det slo som regel godt an. Ikkje at stunta våre gjekk så fantastisk bra alltid, omnen i det gamle kjøkenet på Frøyset spelte oss ofte eit puss. Det hende at pizza-deigen esa ut over sine breidder og laga deigflaum og kaos lengje før osten smelta. Katastrofe. Men me hadde mange herlege stunder i kyrkjelydssalen. Det var så kjekt å møte ungdommen på ein annan scene enn i skulen, i ein annan setting, der dei kunne vere

seg sjølve og ikkje måtte prestere heile tida. Hatten av for den fantastiske jobben Gunvor Fyllingsnes gjorde for ungdommen i Masfjorden. Ho var unik. Saknar den tida.»

«Var det der det starta? Med Fem Pluss?»

«Neeeee, egentleg ikkje. Trur det tok til litt tidlegare. Med sundagsskulen. På Sleire. Der fekk me bananar. Dei vart høgtideleg delt i to. Før me fekk setje oss til bords og ete dei fint opp. Med teskei. Trur aldri at banan har smakt så godt! Og så fekk me ark med eit bilete av eit tre på. Dette treet skulle absolutt fyllast med epleklistremerke. Me fekk eit klistremerke for kvart oppmøte. Enorm motivasjon. Eg trur eg var der berre for å samle på dei fantastiske klistremerka. Gløymmer det aldri. Herlege barndomsminne.»

«Og dette fører oss til ei av dine hjortesaker, ikkje sant?»

«Det kan godt vere.

Du tenkjer kanskje på hjartesaker?

«Sjølvsagt. Forsnakka meg der. Typisk for oktober månad. Eg tenkte no på ungdomsarbeidet her i kommunen.»

«Jepp. Eg har grubla ein heil del på det der etter at eg vart vald inn i soknerådet. Ungdommen i kommunen vår treng møteplassar, både i nord, sør og i Indrefjorden. Her har kyrkja ein unik sjanse til å fange opp dei unge og gje dei ein felles arena dei kan treffe kvarandre på utan at dei på død og liv skal bli målt, samanlikna, rangert, sett i bås. Fem Pluss og Fredagsklubben var slike stadar. Og der møtte dei også kyrkja på ein heilt annan måte enn i dåp, konfirmasjon og gravferd. Tenkjer litt på mine eigne minne frå sundagsskulen som eg enno ber med meg i kvardagen. Tenk om eg kunne ha fått gi slike minne til neste generasjon, det ville vore stort. Eg har stor tru på møtestadar, og at kyrkja må vere ei open kyrkje.

Ei kyrkje for alle, uansett kvar me står i livet og trua. Satsingsområdet for kyrkja i Masfjorden, slik eg ser det, er følgjande: Få Fem Pluss og Fredagsklubben opp att og i drift, både på Frøyset, i Indrefjorden og på Sørsida. Eit slikt tilbod vil gje barn og unge viktig ballast i livet og gode opplevingar. Dessutan vil det vere ei investering for alt framtidig kyrkjearbeid.»

«Knakande godt sagt, Stian. Trur du er inne på noko heilt vesentleg her. Borna av i dag er dei vaksne av i morgon. Jesus klarte å vekkje opp att Lasarus, så då må vel me klare det med Fredagsklubben, eller? Heilt på tampen, har du ein favorittsalme til oss no fram mot helg og jakt?»

«Favorittsalme? Den var litt vanskeleg. Eg har så mange. Ojoj. Salmeval har mykje med situasjonen å gjere. Er det dåp, bryllaup, konfirmasjon eller gravferd? Å velje rett song er nesten like vanskeleg som å velje rett prosjektil. Kjem veldig an på situasjonen. Det viktigaste, slik eg ser det, er likevel at tekst og tonar treffer der dei skal. Den nye utgåva av Norsk Salmebok frå 2013 er full av skattar. Eller blinkskot, om ein vil. Ta til dømes juleklassikaren til Thomas Kingo, nummer 7b, som Elias Blix oversette – «Opp gledest alle, gledest no.»

«Vise ord, Stian. Vise ord. Og glimrande salmetips. Her har også Odd Nordstoga laga ein ny melodi også, ikkje sant? Regnet har stogga og månen er oppe. Tid for oss masfjordingar å komme seg ut og sjå kva Vår Herre har sett på bøen til oss i kveld?»
«Heilt samd. Det er tid for å komme seg ut og vere ein del av Skaparverket. Odd Nordstoga jaktar elg. Lurar på om han hadde det i tankane då han sette seg til med gitaren og tonesette Kingo?»

**«Opp, gledest alle, gledest no,
Med fagnad, fred og heilag ro,
I Herren dykkar gleda!...»**

«Vakkert, Stian! Så sant som det er sagt. Tid for å få på seg den grønne bunaden og trippe ut av verkstaden i stille skor. Ut i Skaparverket no. Før månen går ned i nordvest...»

Tekst: Alf Helland. Foto: Privat

CAMP FJON HAUST 2024

Helga 27. til 29. september var det duka for konfirmantleir på Fjon. Vår Herre diska opp med eit fantastisk haustvêr, strålande sol og knallblå himmel. Sjølv om bussen ikkje gjekk lengre enn til Matre stogga det ikkje ivrige konfirmantar og flinke foreldre; alle fann fram og troppa opp til avtalt tid. Ryggsekkane var fulle. I lufta låg ein eim av forventning som berre fredag og helg kan gje.

Det flotte vêret måtte sjølvstegt feirast. Kort avstemming om kva som var viktigast enda naturleg nok med fotballkamp bak kyrkja. Her måtte me passe på, elles kunne ballen hamna i elva, så heilagjengen på sida hadde nok å halde fingrane i. Offside vart ikkje aktuelt, ettersom me hadde eit riktig godt straumgjerde på sida som viste seg å fungere utmerka, ikkje berre til å halde borte grashungrige esel rundt kyrkja, men også til å unngå litt for frimodige pasningar.

Etter mat var det undervisning: Kor mykje er me som menneske eigentleg verd? Korleis kan me måle det? Dette var eit godt spørsmål. Presten kurva saman ein pengesetel, hoppa i vêret og trakka på han. Me kvakk til, men tok poenget. Verdien vår er den same uansett kva. Og me kom fram til eitt: Visse ting kan berre ikkje målast i pengar...

Om kvelden perla me Kristuskransen. Det var ikkje av dei enklaste oppgåvene, ettersom tråden var som gummi og ikkje let seg knyte. Konfirmantarbeidaren vart sterkt utfordra her og brukte mesteparten av tida under bordet i jakt etter bortkomne perler som etter lang tids nitid pusling plutselig fann ut at det var tid for å stikke av, hoppe ned på det flislagde golvet og verte til inkje. I ti-tida var me temmeleg utkøyrde etter overdose med frisk fjelluft heile gjengen, så det var så vidt me klarte å skrive litt i dagbøkene våre, tenne lys og syngje tre vers av «Måne og Sol». Etter tannpuss var det som om nokon hadde skrudd av straumen, bokstaveleg tala.



Neste morgon kikka me ut glaset og stokk til: Er det jul? Snøen dalte stille ned på torvtaket. Det var ikkje komme metervis, men likevel. Snø i september? Denne morgonen smakte det godt med varm havregraut til frukost. Det trong me også, for det vart ein lang og spennande dag: Torbjørn stilte det store spørsmålet: Kven står bak alt saman? Ikkje det enklaste å finne svaret på, så det vart djupdykk i Fyrste Mosebok denne føremiddagen, høgtlesing og mykje undring over det me fann ute i naturen. Vanskeleg å tru at alt kan vere tilfeldig...

Etter lunsj var det godt å komme seg ut: Quiz-løype i terrenget stod på timeplanen. Nett då me var komne fram til startstreken oppe ved toppen av lysløypa slo det til med sludd og grisevêr. Me skunda oss gjennom skogen nedover mot vatnet med blyant og papir, som vart klissvått, sjølv om me held det på innsida av jakka. Etter ei stund angra me på at me ikkje hadde trent meir på munnmaling, for det var ingen av fingrane som klarte å halde i blyanten.

Vallesletta daska ned frå ein blygrå himmel og det var ingenting anna å gjere enn å evakuere, springe heim og skifte til tørre klede. Heldigvis hadde Eli fyr i bålpanna og kakaoen stod klar.



For ei velsigning! Dette var jammen halleluja i praksis, for det dampa av kleda og dogga bak brillene. Og nye, gode varme dusjar kunne nyttast.

Denne dagen gjekk middagen ned på høgkant, så svoltne var me. I mellomtida vart quizarka høgtideleg tørka og gjort klar til skriftanalyse og desifrering, ikkje ulikt Dødehavsrullane, dersom ein ser bort frå fuktprosenten, då.

På kvelden var det tid for lagkonkurranse: Ettersom jentene av ein eller annan mystisk grunn vann quizen var det opp til gutane å ta tilbake sigeren på Camp Fjon: Gulrotnasking frå fiskestong og presisjonskast med bordtennisball var tøffe disiplinær, og i armhevingar stod det heilt likt. Utslagsgjevande var den heltemodige innsatsen i den tyske lagsporten «Topfschlagen» der gutane, væpna med tresleiv, fann den etterlengta kasserollen godt gøymt under ein sofa etter nitid navigering med felles tilrop. For tilskodarane var oppløpet like spanande som ein

cupfinale med Brann, i alle fall etter akustikken å dømme.

Etter at gutane drog heim ein knapp siger over jentene og feira triumfen med sure seigmenn, var det tid for sceneskifte: Torbjørn og Eli laga til ei bønnevandring i kyrkjerommet, der det var høve å falle til ro, reflektere over dagen og la tankane vandre mot Gud i takksemd. Veggene i kyrkjerommet på Fjon var kanskje allereie godt impregnerte med bøn på førehand, men det hindra ikkje konfirmantane å gje dei eit par ekstra strøk. Med flatkost.

At det er makt i bøn, er utan tvil. Ein av oss må ha bedt om godt vær den kvelden, for dagen etter, på sundag, var det strålende sol. Herleg. Me vakna opp til lukta av nysteikte vaflar, kaffi og eggerøre. Kan livet verte betre? Neppe. Sola steig over åskammen og ute såg det ut som eit postkort: Kvit snø låg på toppane som om Gud hadde vore ute med melisposen sin igjen. Lufta var klår som glas. Det var god grunn til å takke Herren. Boris kom og sette seg ved pianoet. Han trylla fram tonane slik berre Boris kan. I dag var det i alle fall grunn for å feire.

Torbjørn prest tok dette på alvor og gjekk i fotspora til salige David: I dag vart skapingsforteljinga til syngjespel: Lofottorsken og dyra i Afrika, fuglar, blommar og stjerner, fager kveldsol og «Morning has Broken», Guds skaparverk er stort. Men det vart likevel plass til rungande rumbatonar, kanon (av den akustiske varianten) og keltisk velsigning denne dagen. Dei pliktoppfyllande foreldra til konfirmantane hadde troppa opp saman med slekt og vener, så fjellkyrkja var mest fullsett. Songen stod i taket. Gud på si side svarte med å sende så mykje sol inn i salen at det til tider vart mest uråd å lese Powerpointen. Sånn er det når ein tek i litt for hardt med lovprising. Likevel, det var ikkje råd å klage over konsekvensane då me nærma oss sommartemperaturar etter ein knapp halvtime.

Og etterpå var det kyrkjekaffi. Med nybakt sjokoladekake og alskens knask. Ingen grunn til å tvile, nei, ikkje ein gong for nitten konfirmantar, to assistentar og ein konfirmantarbeidar på førstereis: «Gud såg på alt det han hadde gjort, og sjå, det var svært godt!» (1.Mos, 1,31)

Tekst: Alf Helland, konfirmantarbeidar

Foto: Eli Eidsnes og Torbjørn Sæle

MINISAMLING FOR FOTBALLKONFIRMANTANE

Fotball er viktig. Ingen tvil om det. Då difor noko så viktig som Førdecupen kolliderte med ei planlagt konfirmantsamling i Gulen, var det difor berre å svinge seg rundt og klinke til med ei alternativ minisamling for denne sportslege gjengen: Kristin, Oskar, Maja, Emma, Håvard og Emil.

Me samla oss på Frøyset fredag 25.oktober. Mørkt var det ute, men faklar lyste opp vegen mot kyrkje-lydssalen. Konfirmantane var tydeleg klare for helg, det var sikkert. Motivasjonen til lange foredrag var for lengst borte. Tunge tema som vondskap, død, håp og trøyst stod likevel på timeplanen. Kvifor er det så mykje vondt i verda? Kan det finnast ein Gud når det er så mykje krig, svolt og sjukdom? Korleis kan han tillate dette? Og korleis skal me trøyste kvarandre når ulukka treff oss? Kva er døden? Og kva må eg skunde meg å gjere før den tid?

Etter eit slikt djupdykk i dei store spørsmåla var det berre eitt å gjere: Lufte seg med eit par ekstrarundar rundt kyrkjebygget før det vart heilt mørkt. Alt me visste, var at pensjonert pedagog og spelutviklar Sissel Andersen frå Bergen skulle komme til oss og presentere og teste ut eit heilt nytt spel; «Bibelstafetten». Laga fekk utlevert spesielle kodekort og ei samling med sitat frå Det Nye Testamentet. Stafetten gjekk ut på å kunne lese koden rett, slå opp i Bibelen på kortast mogeleg tid, finne fram til det rette sitatet og springe fram til kateteret for godkjenning før ein kunne hente seg eit nytt kodekort med nye bibeltilvisingar. Konkurransen instinktet vakna temmeleg kjapt hjå konfirmantane.

Stafetten tok på og glade var me då Anke diska opp med lekre tacobaguettar. Det trongst, for svoltne var me. Likevel, ein ekte konfirmant er ikkje oppteken av lang stillesitjing, så maten gjekk kjapt unna. Bordtenniscupen, ein tradisjon hjå Masfjordkonfirmantane, skulle gå av stabelen. Det var vanskeleg å slå Torbjørn prest, som imponerte med intrikate overarmservar etter lang fartstid i sporten. Oskar, heia fram av sine medkonfirmantar, drog i hamn ein knapp siger over Torbjørn etter ein dristig manøver der han satsa på ytste bordkant og usedvanleg låge servar over nettet.

Tida gjekk som ein røyk, og me avslutta, slik me plar, med kveldsliturgi, allsong og lystenning. Det var ei fin, men litt annleis samling i haustmørket. Her vart me mint på kor viktig det er å møtast, om det å stå saman. Me er sterke saman, og endå sterkare når me har Gud med oss på laget. Han sviktar oss aldri, sjølv om det stormar og bles i livet vårt aldri så mykje. Når Hans lys tennest, må alt mørker vike. Slikt er godt og trygt å vite.

Takk for ei strålende stund med dei fantastiske konfirmantane våre. Dei er heilt unike, kvar på sin måte. Og saman er dei sterke. Det vert ikkje lengje til neste samling, og me gler oss alle saman. I Herren.



Tekst: Alf Helland
Foto: Anke Helland

LYS VÅKEN

Endeleg var tida inne for Lys våken i Masfjorden att. Helga 16. - 17. november møttes 6 kjekke og håpefulle ungdomar i Sandnes kyrkje. Med seg hadde dei pakkenellikane sine til overnatting i kyrkja. Me starta med oppgåver som skulle løysast både ute og inne, som førte til gode samtalar. Me fekk alle ta del i ei stille stund på kvelden, der me fekk høyra om Jesus som 12-åring i tempelet. Med lystenning, orgelspel og song vart det ei herleg stund for både deltakarar og leiarar. Kjekt at dei fleste i staben var med og deltok og me kjende på godt samhald blant både store og små og endå til nattevakt!

Eit anna høgdepunkt var lørdagskvelds med lørdags-godt, brus og prat. Det blei til nok eit lyspunkt, der konfirmantane hadde pynta med lyslenker og anna lysespynt.

Det blei tent mange lys i kyrkja denne kvelden og fleire samtaler om kva «Lys våken» betyr blei sett i gang. - Betyr det å rangla, å døgna? - Nei det betyr å

vera «Lys våken» for vår Herre i denne tida. Kanskje vil han seie noko i våre hjarter om me lærer oss å vera stille og lytta. Det betyr også å vera «Lys våken» for kvarandre og det som er rundt oss.

«Lys våken-dansen» var ein av tinga som sto på programposten og som blei lagt ned mykje tid og krefter for å læra, og jammen klarte dei å læra den for så å opptre med den på Supersøndagsgudstenesta. Dei øvde ellers til gudstenesta i form av dramatisering av preiketeksten om den blindfødde. Også bønner og songar som blei brukte på kvelden vart nytta på gudstenesta som ungdomane var med og deltok i. Dette blei absolutt ei lys gudsteneste med tre dåp, masse song, dans og innslag frå ei gruppe frå barnekoret. Og forunderleg nok klarte både ungdomane og oss vaksne å halda oss Lys våken!

Tekst: Else Iren Westervik

Foto: Torbjørn Sæle



NYE ALTERTEKSTILAR I SOLHEIM KYRKJE

For ei god stund sidan spurte me her i Masfjordingen etter nokon som kunne tenka seg å sy hardangersaumsduk. Fleire av dei flotte gamle alterdukane i kyrkjene våre er slitt og me trengte å få på plass nye dukar. Men ting tar tid. Både å kome i kontakt med nokon som framleis kan denne kunsten, og å få søknadar om skifte godkjente.

Eg vart difor glad då eg kom i kontakt med Bjørg Stormark som kunne tenka seg å sy for oss. No har ho sydd ein ny alterduk til Solheim kyrkje, med same hovudmønster som var der frå før, men med enno litt meir forseggjorte detaljar i det fine mønsteret som indrefjordingane var så glad i.

Den gamle duken som var der har eg fått vita var sydd av Astrid Solheim ein gong på 80-talet. Men no var den blitt slitt etter mange års bruk. Det raude tøyet som dekker alteret vert kalla eit «antependium». Dette hadde falma svært mykje og mista den høgraude fargen det hadde. No har det lukkast kyrkjevevja å skaffe eit nytt stoff i den opphavlege fargen, og kyrkjetenar Åse Marit Kalhovd har flytta over den gamle pynteborda nedst på antependiet. Når Eli og Åse Marit ikkje hadde nok med sine fire hender for å få på plass nytt antependium, så var det kjekt at Lillian Langhelle kom og hjelpete oss.

No har altså alteret i Solheim kyrkja fått både nye undertekstilar, nytt raudt antependium og ny flott hardangersaumsduk. Og til slutt har me lagt ei herda glasplate over for å bevare den nye duken for mange år framover.

Tusen takk til Bjørg Stormark for alt arbeidet som ligg bak den fine duken, og takk til Åse Marit og Lillian for hjelp med dei andre tekstilane. Det var kjekt å få jobbe med dykk, og det var ei glede å få ta i bruk dei nye tekstilane i gudstenesta den 10. november. Bjørg skal eg få lov å jobbe saman med på eit nytt prosjekt. For no er det alteret i Frøyset kyrkje som står for tur, og i skrivande stund har soknerådet og biskopen godkjent eit nytt flott mønster til ny alterduk som Bjørg Stormark skal starte å sy på i vinter. Tekst og foto: kyrkjevevje Eli Eidsnes



SMÅBARNSTRALL

Utifrå det stigande fødselstalet i Masfjorden har det blitt svært populært med småbarnstrall i Sandnes kyrkje. Allereie først gongen, som var 05.09, møtte fem mødre opp med sine fem håpefulle. Etter kvart som fødselstalet steig, berre aula det på med barn. Sist var det faktisk tolv barn der. Alder er frå 0-5 år.

Til og med fedre har dukka opp på småbarnstrall. Det vil me gjerne sjå meir av!

Småbarnstrall er meir enn berre sulling. Det er også dulling med mat og prat i kyrkjelydsalen etterpå. Me møtes annankvar torsdag i partalsveker kl. 10:45-12:30, (også ferjevenleg tid). Me skal ha juleavslutninga vår på sjukeheimen, der me syng med og for dei eldre. Småbarnstrall har blitt til ein av dei gode møteplassane som trengs frå vogge til grav. Første samling i 2025 vert torsdag 9. januar.

Tekst: Else Iren Westervik, trusopplærar

STORSLÅTT FØRSTE TUR MED BESTILLINGSTRANSOPRTEN

I dag, torsdag, starta bestillingsruta opp frå Indre Haugsdal til butikken på Haugsvær.

Med på denne turen var representantar frå Masfjorden kommune, journalist frå avisa Strilen og rådgjevar frå Skyss, i tillegg til to sjåførar frå Masfjorden Taxi.

No vert det lettare å komma seg på butikken for dei som ikkje har bil.

På bileta ser du representant frå Skyss, ein passasjer, taxieigarane Veronica Hjartholm og Aina Sleire og

ordførar Erlend Kvamsdal.

Den første passasjeren, Anna Tverberg, kom på i Indre Haugsdalen, og ordførar Erlend Kvamsdal delte då ut bukett til henne. Deretter kom det på ein passasjer på Matre, som og fekk blomar.

I dette området vil det no gå bestillarrute kvar torsdag på formiddagen frå Solheim og frå Indre Haugsdal til Haugsvær.

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes



TRE PÅ HUNDRE



Det er ikkje ofte ein får samla tre hundreåringar frå same bygd i same sofa. Men her er dei altså, Borghild Kvinge (100), Aslaug Kvinge (102) og Benny Kvingedal (102) – alle tre frå Kvingo.

I ein nostalgisk sofa frå ei svunnen tid sit tre damer frå Kvingo, alle har runda det magiske hundreåret. Dei er no busett på Masfjorden sjukeheim, og slik er dei på ein måte framleis naboar.

Ei har vondt i ei hofte, ei anna høyrer tungt og den eldste av dei tre er den som går best av dei.

- Ein må no rekne med litt når ein er over hundre år. Men eg føler meg ikkje annleis enn eg var då eg var 70 år, seier Benny Kvingedal. Ho fyller 103 år i jula, og er slik den eldste i Masfjorden nett no.

- Eg budde heime heilt til eg var 101 og eit halvt år, då fekk eg fast plass på sjukeheimen. Det gjekk no greitt å bu heime, men var ekkelt å vera åleina i huset om nettene.

Benny fortel at ho fekk god hjelp frå heimhjelpa, elles hadde det ikkje vore mogleg å bu heime så len-

ge. No er ho takksam for all hjelp og den tryggleiken ho får på sjukeheimen.

- Her er det hjelp å få heile døgnet, og selskap slik at eg ikkje vert så einsam. Me kan ikkje ha det betre enn det me har her.

Om det er lufta som er ekstra god på Kvingo, eller om det er særskild god jord til dei heimadyrka grønsakene som gjer at dei lever så lenge, er ikkje godt å seia. Det har vore fleire som har nådd same respektable alder frå bygda. Og då er det sjølvstykke på sin plass med både brev frå Kongen og besøk frå ordføraren. Det fekk dei unnagjort i oktober, då yngstedama Borghild Kvinge fylte 100. Då vart det gjort stas på alle dei tre damene, med feiring på sjukeheimen.

- Vi er heldige som får så god omsorg, det er eg så uendeleg takksam for, avsluttar Benny.

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes

UNGDOMSRÅD, KVA ER DET?

Kva er egentleg Ungdomsrådet og kva gjer dei? Eg har fått snakka med Ben George Kvingedal. Han er leiar i Ungdomsrådet i Masfjorden kommune.

Ben George er ein pliktoppfyllande, smart og snill fyr som går i tiande klasse på Sandnes skule. Han har vore leiar sidan mars i fjor, og kva kan han fortelje om Ungdomsrådet?

Han fortel at han leier møta i Ungdomsrådet, han er med på å styre sakslista og han held kontakt med politikarane i kommunen. Ben George fortel også at det kan vere litt stress, men at det er verdt det for å kunne gje ungdom påverknadskraft her i Masfjorden.

Eit viktig spørsmål ein kan stille seg er kva er ungdomsrådet, mange ungdomar veit faktisk ikkje noko om det, så eg spurte han. Svaret er at Ungdomsrådet er sett saman av engasjerte ungdommar frå dei forskjellige delane i Masfjorden. Dei skal gje råd til politikarane i kommunen om kva Ungdomsrådet meiner om forskjellige saker.

- Ungdomsrådet er interessert i saker som handlar om ungdom. Det kan for eksempel vere skulereglane, ulike arrangement, og andre ting som handlar om ungdom i Masfjorden, fortel Ben George.

Han forklarar også at når Ungdomsrådet har lyst å ta opp saker til politikarane i kommunen må dei først ta saka opp i Ungdomsrådet og avgjere der kva dei vil gjere med den. Så sendar dei saka vidare til politikarane sånn at dei får vite kva Ungdomsrådet vil jobbe med.

Ben George fortel at Ungdomsrådet hadde oppe sak om båtførarprøven. Saka vart tatt opp på eit møte, den vart godkjent av kommunen, det vart bevilga pengar og prosjektet vart gjennomført. Dei ungdommane som ville fekk då ta båtførarprøva gratis.

Etterpå snakka me litt om kva sakar ungdomsrådet jobbar med no, svaret var raskt og enkelt; skulereglane. -Det skal lagast nye skulereglar, og då vil jo Ungdomsrådet gjere litt endringar. Kommunen er pålagt å endre reglane og då skal Ungdomsrådet få lov å gjere endringar visst dei vil det.

Ben George seier at Ungdomsrådet er viktig for at politikarane skal få vite kva ungdomen er interessert i, og han er veldig fornøgd med ordninga med å ha eit Ungdomsråd i kommunen.

Tekst og foto: Mariel Haugsdal Reknes, 10. klasse Nordbygda skule



VERDIG MARKERING AV BJØRN WEST-HISTORIA



15. oktober var det 80 år sidan Bjørn West-basen vart oppretta. Det var også 30 år sidan Kong Harald formelt opna Bjørn West-museet på Matre. Dette vart markert både på Matre og på Mjømna.

På Matre var det ope museum med gjester heile dagen. Det var også ei markering der avdelingsleiar Arnold Matre heldt minnetale.

HV-09 var sterkt representert ved innsatsstyrken Bjørn West. Gjestane fekk varma seg på gratis kaffi, bollar og kake.



Om lag samstundes som Bjørn West-museet opna dørene la ubåtjagaren Hitra frå kai i Bergen med kurs mot Mjømna. Om bord var mellom anna Bjørn West-veteran Richard Flo. Han rapporterte å ha hatt ein fantastisk båttur. Om bord var også forfattar Geir Hitland. Han heldt eit interessant foredrag om innhaldet i den nye boka si om Bjørn West – «Historiske spor i Matrefjellene».

På Mjømna var dei ei fin markering med fleire etterkomarar av Bjørn West-soldatane. Arrangementet vart leia av Ragnar Kayser. Rune Garman heldt tale medan leiar for innsatsstyrken Bjørn West, Bjørnar Solbakken, la ned krans.

Bjørn West-historia er framleis relevant og aktuell.

Tekst: Arnold Matre

EI KRIGSHISTORIE

Då Russland gjekk til angrep på Ukraina og dei ukrainske soldatane sat i stilling og venta på angrep, då gjekk det opp for meg korleis far min, Oddmund Vågseth, måtte ha hatt det då han som 22-åring vart kalla inn til å forsvare Norge i 1940. Eg har skrive ned litt av det han fortalde dei siste åra han levde.

Far si historie april/mai 1940

Då krigen starta jobba far som dreng på ein gard på Eknes. Han vart kalla ut og reiste derifrå, med båt over Osterfjorden og med tog til Voss. Der fekk dei utlevert militærutstyr og han som reiste i bestedressen måtte leggja den att der. Vidare reiste dei med tog til Gol og venta der på å verta køyrd over til Valdres, nærare bestemt Bagn. Dei vart køyrde over fjellet, ikkje den vegen me vanlegvis køyrer no, men lenger nede frå der dei oppheldt seg. Og brått var dei midt i krigen. Dei skulle stoppa tyskarane som kom opp Begnadalen. Far var kanonskyttar, så han gjorde nok stor skade med det han sendte ut. Mor fortalde ein gong at det gjekk gale då han skaut og det slo tilbake, slik at ein av medsoldatane vart skada. Det syns han var forferdeleg. Kor gale det gjekk, veit eg ikkje. Han fortalde ikkje det til meg.

Dei slo først tyskarane tilbake og dei trekte seg ned att Begnadalen. Men dei norske var usikre på om nokon gøymde seg i husa og venta at dei skulle komma ned. Eg hugsar han fortalde at dei lista seg ned i mørke mens månen skein, for å sjekka. Då fann dei berre døde soldatar. Dei norske soldatane sat oppe i åsen. Det var nok veldig dramatisk for ein fredeleg mann som han far. Han sa at hadde kampane vore nokre veker til, så hadde han ikkje tålt det.

Han var med og bar døde soldatar til vegen der dei vart køyrd vekk. Då tyskarane kom i frå alle kantar, måtte dei gje seg. Dei sat i ein lastebil og vinka med kvite plagg. Det var teikn på at dei overga seg. Så vart dei køyrd til Fagernes der dei vart sett i fangenskap i eit grendahus. Dette var eit særst usikker tilvære. Han var fange i tre veker. Mens dei sat der, så var det snakk om å senda fangane til Tyskland. Det vart ikkje



Oddmund Vågseth 1918 - 1996

noko av, heldigvis. Dei måtte skriva under på at dei ikkje skulle kriga meir mot tyskarane. Slik han sa det, så tok han ikkje det så tungt. Han var berre glad han slapp fri, og fekk reisa heim.

Men å komma seg heim var ikkje så enkelt. Dei reiste til Hønefoss og skulle reisa heim med toget. Store delar av jernbana var øydelagt, så dei måtte gå delar av vegen. Då han kom til Voss, var bestedressen borte vekk. Han sa at så lite forstod dei av det dei skulle vera med på at dei kledde seg slik dei gjorde når dei skulle på tur, i bestedressen. Så han måtte finna seg noko anna som passa slik at han kom seg heim.

Heima på Vågset venta dei på han. Ingen visste korleis det gjekk, var han levande eller død? Ei nabokona fortalde ein gong at dei hadde

bønnemøte i skulehuset der dei bad for ungdommane i bygda som var kalla ut i krigen.

Ho bestemor på Vågset var der, og bad for guten sin. Ho hadde fortald at det var frykteleg å ikkje vita. Han Sjur, yngste broren til far fortalde at mor deira sendte han kvar gong båten kom for å sjå om far kom med den. Og til slutt så kom han endeleg heim.

Han fortalde ein del siste åra. Mens han fortalde, så slutta han av og til brått. Noko var for vanskeleg å

snakka om. I 1995 var han tilbake i Bagn i lag med barn og barnebarn, og det var spesielt å gå oppi åsen der han hadde vore. Me kjøpte ei bok på Bjørn West-museet, VALDRES 1940, som handla om den tida han var i Valdres og kampene der. Ein gong eg var med han og såg i boka, så sat han med tårer nedover kjaken og sa: NETT SLIK VAR DET.

Tekst: Torill Vågseth Kristoffersen.

STORFINT BESØK PÅ BJØRN WEST-MUSÉET OG HELSELAGSBUA

I dag så dekkja me bordet på helselagsbua. Me venta storfint besøk frå sjukeheimen på Hosteland. Rundt 20 personar derifrå reiste til Bjørn West-muséet på Matre denne dagen. Der fekk dei eit godt føredrag av Arnold Matre.

Opptakta til dette besøket var at Jon Hope den 15.oktober hadde fortalt at det den dagen var 30 år sidan han hadde handhelst på Kong Harald. Han var då ordførar i Masfjorden kommune, og tok i mot Kongen i samband med opninga av muséet frå andre verdskrig.

På veg heimatt frå muséet vart det eit stopp på Bua hjå oss. Jon var ofte ilag med oss på Bua før han flytta på sjukeheimen, og er ein mann me saknar!

Gjengen frå sjukeheimen fekk servert kaffi og vaflar, og det var veldig kjekt å helse på gamle kjente.

Tekst: Torill Vågseth Kristoffersen.

HELSELAGSBASAR PÅ HAUGSVÆR



Helselagsbasar høyrer hausten til. Me hadde ei flott tilstelling i bedehuset, med mykje folk. Her var alle generasjonar, tre babyar, fleire oldemødrer og besteforeldre, og mange midt i mellom.

Ei flott forsamling! Ingunn Haugsvær las sjølvskrivne dikt, og Reidun Kvamsdal orienterte om alt me har gjort gjennom året, samt framtidige planar. Og det er ikkje reint lite som har gått føre seg.

Dei unge damene hadde stått for det praktiske denne dagen, så me «gamle» slapp lettvindt unna. Eit godt samarbeid gjev eit flott resultat.

Takk for ein fin ettermiddag.

Tekst og foto: Torill Vågseth Kristoffersen.

DRIFTIGE DAMER LAGAR TIL KAFÉ FOR ELDRE



Ein onsdag kvar månad er det Eldrekafé på sjukeheimen. Bak det heile står dei driftige damene Jenny, Aase, Marit og Haldis. Når klokka har slått tre entrar dei arbeidsstova fullasta med kaker, dessertar og andre herlighetar. Ikkje lenge etter breier det seg ei innbydande kaffilukt i lokalet. Litt etter litt vert rommet fylt opp av forventningsfulle deltakarar; bebuarar på sjukeheimen, familie og bygdefolk. Det vert triveleg samver. Innslag frå kulturskuleelevar er fast innslag på samlingane, likeeins allsong med Haldis som forsongar. Av og til kjem det kulturelt besøk frå meir langvegsfarande. Denne dagen er det Ove I. B. Danielsen som saman med Torbjørn Sæle står for kulturprogrammet med konserten «Gjennom livet går ei sorg».

Ove syng, spelar piano og fortel om livet sitt som gravferdsmusikar og sorgarbeidar. Torbjørn les tekstar som passar til songane. Det er ei høgtideleg stemning i rommet, og tidvis så stilt at ein kunne ha høyrd den berømte knappenåla falla på golvet. Men til slutt kan ein sleppa applausen laus.

Onsdagskaféen på sjukeheimen er ein flott møteplass. Stikk gjerne innom! I utgangspunktet er det kafé kvar første onsdag i månaden, klokka 16.

Tekst og foto: Redaksjonen



KULTURSKULEN PÅ TURNÉ

Etter ein sær sars vellukka turné i fjor med konsertar og show på dei tre skulane, slo kulturskulen til med oppfølgaren no i november. Ei gruppe med 16 elevar og seks lærarar sydde på tre øvingskveldar saman eit program som dei håpa ville falla i smak hjå publikum. Og det gjorde det!

Temaet for showet var «Draumar». Etter ein frisk start med Blues Brothers sin Everybody needs somebody og Spicegirls sin Wannabe var tonen sett, med kraftfull song, tøffe blåsestemmer og improvisasjonssolo frå saxofonist Samuel. Embla roa ned med ein Billie Eilish-låt og draumen sin om å bli artist før dollarsetlane flagra i salen. Det var tid for å drøyma om rikdom, og kva passa vel då betre enn Abba sin Money, Money, Money?

Mange drøymer om eit småbruk på landet, men å leva av det er vanskeleg. Anne Pernille utkledd som bonde fortalde at ho hadde kjøpt seg eit småbruk langt inne i Masfjorden før ho framførte Arne Høyland si artige vise om humørbonden på Hjelmås som prøver å leva av villsau og bygdedyr.

Så var det tid for ein liten parodi på Norske talenter, i dette tilfellet Masfjordske talenter. Emil August på 10 år ville prøva seg og gjekk galant vidare i konkurransen ved å framføra ein virtuos kornettsolo saman med pianist Jørn. Resten av ensemblet kvitterte og gratulerte med konfetti og Cliff Richard sin Congratulations.

Gjennom heile programmet var det innslag med høg kvalitet, og når Sofie og Sanna framførte A Million Dreams som songduett med eit solid band i ryggen vart det gåsehud og frysningar ned etter ryggen.

Showet avslutta med eit fyrverkeri av ein Ricky-Martin låt som vart laga til fotball-VM i 1998, La Copa De La Vida. Publikum hadde før konserten fått i oppgåve å læra seg refrenget på fransk og spansk, og vera med i framføringa. Stilige latinamerikansk musikk med kraftfull song frå eit ståande publikum, massevis av rytme og heftige blåseriff fylte salen saman med smil og glede. Det vart «Grande finale» med ein låt som festa seg i toppetasjen. Mange måtte nok bruka heile helga for å få denne fengande musikken ut av hjernen.

Som ein av skulane skreiv på heimesida si: «For eit utruleg flott show med kjempemusikalske og dyktige elevar».

I dei påfølgjande vekene har kulturskulen hatt elevkonsertar på to av skulane. Her har bortimot alle elevane i kulturskulen fått eksponert seg, både nybegynnarar og meir rutinerte elevar. Dei har servert program med stor breidde og høg kvalitet.

Tekst: Masfjorden kommune

Foto: Ragne Steinde Mjanger



HELSING FRÅ BIBLIOTEKET

Det har igjen skjedd ein del på biblioteket i det siste. Strikkekaféane på Sandnes og Nordbygda er i full gang og kulturskulen har igjen bidrege med hyggelege innslag. Ei stort takk til Jørn, Frank og dei flinke elevane som gjer dette mogeleg! Vi held fram med dette i det nye året også, sjølvsagt, så det blir strikkekafé på Sandnes igjen kvar første måndag og på Nordbygda skule kvar andre tysdag i månaden. Alle er velkomne til å ta ein tur innom, prate om laust og fast, seriøst og mindre seriøst, og sjølvsagt – litteratur.

I oktober og november fekk hovudbiblioteket på Nordbygda vise Lyngheisenteret si utstilling Sirkulære Nordhordland. Utstillinga vart tatt veldig godt imot av publikum. Biblioteka i Nordhordland og Nordhordland Unesco Biosfære samarbeider om arrangement der berekraft er tema. Difor vart det halde foredrag om Masfjordfjella, med Stein Byrkjeland frå Statsforvaltaren, Kjersti Isdal og Jane Britt Daae. Foredraget var veldig godt besøkt, så kven veit – kanskje vi får til dette igjen, slik at fleire i Masfjorden kan få dette med seg. Alf Strand har skrive om dette arrangementet annan stad i dette bladet.

Med Nordhordland som UNESCO Biosfæreområdet som bakgrunn vart det også arrangert byttedag i Masfjorden for første gang – ein stor suksess. Det var godt med besøk på Frivilligsentralen, og biblioteket inviterte til eventyrlesestund. Det var veldig hyggelege samankomstar på biblioteket heile ettermiddagen. No banker jula på døra og folk har sikkert mykje forskjellig på gang, men biblioteket inviterer til eventyrlesestund med små aktivitetar i opningstidene nå i desember. På Nordbygda er det på tysdagar kl. 17.00, og på Matre på torsdagar kl. 16.00. Det er mogeleg med modifiseringar når det gjeld klokkeslett, der må publikum gjerne komme med innspel undervegs. Lesestunda skal truleg bli fast opplegg i folkebibliotekstimen.

Frivilligsentralen og biblioteket vil i samarbeid med lag og organisasjonar også etablere gåverom. Gåvekroken vil vera open og tilgjengeleg i desember i biblioteket sine opningstider. Vi håper at dette er noko som mange vil nytte seg av.

Ønsker alle ei god førjulstid, og ta gjerne en tur innom biblioteket!

Annett Schattauer, biblioteksjef



IDRETTSBANA PÅ HOSTELAND ER FERDIG

Arbeidet med rehabilitering av idrettsbana på Hosteland er no ferdig. Siste veka i oktober sto anlegget heilt klart til bruk. Berre nokre småting står att å få på plass.

Tiltaket er eit stort løft for idretten i Masfjorden. Å få eit tipp topp idrettsanlegg med kunstdekke, installasjonar for fri-idrett, oppmerkte baner, møblerte sektorar på kortsidene av bana med padelbane, basketfelt og ymse treningsapparatur er berre heilt fantastisk. Masfjordingane bør vera stolte av det som har vakse fram på bana dei siste månadane, og ønsket til kommunen er at anlegget vert teke flittig i bruk.

Men det forpliktar. No vert det alle si oppgåve å ta vare på heile anlegget, slik at idrettsbana forblir innbydande og kan vera til glede og inspirasjon for

mange i lang tid framover. Det vert offisiell opning av bana til våren, med fleire arrangement og stor festivitas.

Men anlegget er alt teke i bruk. To gongar i haust har idrettsdagen for 5.-7. klassingane i kommunen blitt utsett avdi den nyrestaurerte idrettsbana på Hosteland ikkje var heilt klar til bruk. Men fredag 19.oktober, i strålende sol, kunne synleg begeistra elevlar jubla over å vera dei første som fekk gleda av å prøva ut den nye løpebana og dei ulike trenings- og leikeapparata som no er å finna i anlegget.

-Dette var stor stas, seier Erik Larsen. Han er ein av lærarane som var med på idrettsdagen. -Det har vore fascinerande å sjå alle dei nysgjerrige og glade elevane som i dag har prøvd ut bana og dei ulike apparata med entusiasme og stor fantasi.



Programmet for idrettsdagen har vore todelt. I første økt fekk elevane testa seg på 100m hekk, lengde og ballkast. Etter lunsj var det tid for fotballkampar der fem lag var i elden med mange gode og jamne kampar.

Bana har internasjonale standardmål, og for mange elevar gav det å konkurrera på bana assosiasjonar til det dei ser frå store idrettsstemne på TV. At nokon greier å springa rundt ei slik bane på 43 sekund og å hoppa over 8 meter i lengdegropa gav nok elevane litt hakeslepp, men samstundes mykje

å strekka seg etter.

-Eg skule nesten ønska eg var ung igjen, seier Erik. - Dette anlegget opnar for så mange fleire aktivitetar enn tidlegare. Området er no ein perfekt stad for familieaktivitetar med noko for ein kvar smak. Eg trur det vert lett å dra både ungar og vaksne med på fysisk aktivitet når ein har eit slikt flott anlegg og område å boltra seg i, avsluttar Erik.

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Frank Kvinge/John Torsvik

ARBEID MED NY «KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG FYSISK AKTIVITET»

Kommunestyret vedtok i møte den 30.10.2024, i sak 100/2024 planprogram for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2025-2037.

Arbeidet med sjølve planen vert no igangsett. Målet er at planen skal vedtakast av kommunestyret i juni 2025.

Arbeidsgruppa vil utarbeida eit planutkast. Følgjande personar er med her: Sveinung Toft, assisterande rådmann Kristin Kvamme Rasch, frivillig-koordinator John Torsvik, Masfjorden idrettsråd

Roald Kvingedal, teknisk sjef
Frank Kvinge, fagleiar kultur

Deretter vil ei ressursgruppe bli kalla inn til møte i januar for å koma med innspel og synspunkt. Det vil og bli invitert til folkemøte ut på våren. Ressursgruppa er breidt samansett av aktuelle lag, organisasjonar og råd.

Styringsgruppa for planarbeidet er formannskapet.

Tekst og foto: Masfjorden kommune



MATRE SKULE

VENSKAPSVEKA

I samband med Bli mè dansen, hadde me på Matre skule ekstra fokus på venskap og inkludering denne veka. Då spelte me på fellesskap, ulikskap, og det å ta vare på kvarandre. Dei yngste elevane, var i barnehagen og leika ein formiddag, elevane på skulen har vore blanda i grupper, og hatt felles aktivitetar. Ein formiddag var fadrane saman med sine elevgrupper, og hadde invitert til leik, spel og uteaktivitetar. Så kjekt. Skulen inviterte barnehagen bort for å dansa Bli mè dansen, då vart det full fres i gymsalen til Ferdig snakka! Fredagen den same veka, vart avslutta med aktivitetsdag på kryss og tvers, med dei andre skulane. Dette er viktige møte med andre born i Masfjorden!

Silje Vågseth Kjetland



FELLESTUR TIL STEMMEVATNET

I nydeleg haustvær nytta me sjansen til fellestur for alle på Matre Skule. Turen gjekk til Stemmevatnet på Solheim. Fyrst gjekk alle saman på tur. Elevane frå 5.klasse og ned, har fadrrar frå 6.klasse og opp på skulen vår. Fadrane skal vera ei ekstra støtte i skulekvardagen, dette spesielt ved skulestart. På turen ved Stemmevatnet gjekk elevane saman med fadrane sine. Etterpå var det tid for bålkos og lunsj. Mange ulike rettar. Kaffikjelen plystra fint, så dei

vaksne fekk fylt koppene sine også! Mange ville padla kanoar på eit blikkstilte Stemmevatn. Nokon for fyrste gong, andre meir vande. I skogen bak gapahuken vart det leika bom gøymsele, kven heldt ut lengst? Det var også fleire hengekøyer, der elevane fann roen med prat, dinglande mellom trea. Me har mange fine nærområder i Masfjorden, kjekt å få oppleve dei saman!

Takk for ein fin dag.

Silje Vågseth Kjetland



SFO MED EIGA SJUKESTOVE!

Onsdag 6. november vart ikkje ein dag som vanleg på SFO på Matre skule. Rommet vart forvandla til eit sjukehus for ein dag!

Her kunne medelevar og vaksne komme for å få målt blodtrykk og oksygenopptak, og det med ekte utstyr! Her kunne me få «medisin» og bandasje for ulike «vondter».

Me kunne også ta «blodprøve», og dette vart utført av kyndige «doktorar» og «sjukepleiarar». Me fekk med oss gode og trøystande ord, i tillegg til mange gode råd frå svært engasjerte born. Borna var i dag både doktorar, pasientar og sjukepleiarar.

Dette vart ein flott dag med stort læringsutbytte. SFO-rommet vart omgjort til ein læringsarena der borna fekk innsikt i helsevesenet på ein leikande og lærerik måte.

BESØK FRÅ MASFJORDEN SAU OG GEIT

Den 6. november hadde 5.-7. klasse ved Matre skule besøk av Masfjorden Sau og Geit. Dette besøket vart ein del av faget praktisk undervisning, der elevane fekk lære om prosessen med å partere ein sau.

Sandes skule og Nordbygda skule har og hatt besøk av desse dyktige karane, og tusen takk for besøket og for god og kyndig hjelp!

Elevane hadde høve til å partere sauene og dele han opp i ulike delar til mellom anna kotelettar, lår, indrefilet, og ribbe. Dette var ei praktisk læringserfaring der elevane fekk førstehands kunnskap om korleis ein kan utnytte kjøtet frå ein sau.

Med god rettleiing frå kyndige karar frå Masfjorden Sau og Geit, har ivrige elevar lært mykje. Dei fekk i nnsikt i korleis kjøtet kan utnyttast på forskjellige måtar. No kan dei vente seg sauelår og ribbe som vert salta og tørka, samt kotelettar og lår i frysaren.

Elevengasjementet var på topp gjennom heile denne opplevinga. Elevane viste stor entusiasme og flid i å lære om denne praktiske prosessen. Elevane kan gle seg til mange og gode framtidige måltid!

Tekst og foto: Silje Vågseth Kjetland



NATURGLEDE PÅ BIBLIOTEKET

Tysdag 22. oktober stod naturen i sentrum i biblioteket på Hosteland. Kjersti Isdal i Nordhordland UNESCO biosfæreområde orienterte om kva dei arbeider med i biosfæreområdet og kva som er mål og meining med dette arbeidet. Det var ei lydhøyr forsamling som fylte opp eit klasserom denne kvelden. Fleire enn under-teikna, trur eg, har hatt vanskar med å få tak i kva dette biosfærestyret er for noko, men foredragshaldaren klarte å få oss til å forstå litt meir. Fokus er på berekraftig utvikling og kultur, og Nordhordland kan stå som læringsområde for berekraft og utvikling. Her finn me hav og kyst, kulturlandskap, fjordar og fjell og me som bur her. Denne regionen er godt eigna til å representera det moderne og framtidsretta, godt rotfesta i vår kultur- og naturarv. Biosfæreområdet er der menneske, kultur og natur møtest.

Stein Byrkjeland frå Statsforvaltaren snakka om fjellgrunnen i Masfjorden og tok utgangspunkt i at Masfjordfjella er dei eldste grunnfjella i Vestland. Det er ein hard fjellsort, noko som fører til eit magert jordsmon. Han orienterte så om arbeidet med å få til ein nasjonalpark i Fjon-fjella. I fjor vart det kjent at departementet planlegg å oppretta ein nasjonalpark her, då dette er eit område med fåe fysiske inngrep. Det er ikkje endeleg avgjort om det blir noko av dette, og heller ikkje kor stor ein eventuell nasjonalpark vil bli. Det førebuaande arbeidet vil ta noko tid, kartleggingar må til, og det blir fleire rundar med høyringar. I ein nasjonalpark kan grunneigarane bruka eigedomen sin som før, men det blir ikkje lov å gjera fysiske inngrep



i naturen. Det einaste er at plantefelt med sitkagran må fjernast! Dersom det vert nasjonalpark her, blir det i alle fall ikkje bygd vindmøller i Fjonfjella!

Byrkjeland var og inne på endringar i faunaen både her og andre stader. No er det berre to par hekkande kongeørn i Masfjordfjella. Ein annan fugleart, granmeisa, er truga. Inntil for nokre år sidan var dette ein talrik art, men no er det berre fåe par att. Han bad oss vera flinke til å sjå etter granmeisa i hagane i vinter.

Så var det Jane Brit Daae sin tur. I løpet av ein halvtime tok ho oss med på tur på kjende og meir ukjende stigar i Masfjorden og Stølsheimen. Mange blinkskot har ho plukka ut frå si rike fotosamling frå alle årstider i fjellheimen. Ei flott og inspirerande avslutning på ein interessant kveld. På veg ut kunne ein gje seg tid til å nyte frukt og kaffi og sjå på utstillinga i biblioteket og slik få betre innblikk i kva biosfæren er for noko.

Tekst: Alf Strand
Foto: Frank Kvinge



TAKK!

Noen mennesker har en gave – ikke bare til å undervise, men til å se og løfte andre på måter som er helt unike. Vår musikkpedagog Jon Martin Skauge er en slik person. Hver tirsdag bringer han noe helt spesielt til tjenestemottakerne. Han ser hver enkelt av dem, ikke bare som de er, men for potensialet og de unike sidene de bærer i seg. Med en innsats som alltid er hundre prosent, skaper han et rom hvor musikk ikke bare er lyd, men et verktøy for glede, mestring og uttrykk.

For ham handler musikkterapien om mer enn noter og rytme – det handler om mennesker. Han finner det særegne i hver tjenestemottaker, og ved hjelp av musikken gir han dem muligheten til å uttrykke seg på måter de kanskje aldri før har opplevd. Det er en gave som gir håp og styrke til både deltakerne og de som får være vitne til det.

Et av de mest gripende øyeblikkene han har skapt, fant nylig sted i Knarvik kirke. Der inviterte han Sunniva Torsvik til å spille sammen med seg. Denne gangen var det ikke bare en konsert, men en opplevelse fylt av følelser og samspill. Mens Sunniva spilte, fremførte Jon Martin Skauge en sang med en kraft og inderlighet som beveget alle tilhørerne. Det var et magisk øyeblikk – en påminnelse om musikkens evne til å overskride barrierer og berøre hjertene våre.

Slike øyeblikk skjer ikke tilfeldig. Det krever en lærer som bryr seg, som gir av seg selv, og som ser muligheter der andre ser begrensninger. Tusen takk til denne fantastiske læreren, som gjennom sitt arbeid gir tjenestemottakerne en stemme og en opplevelse av å være verdsatt. Du har ikke bare lært bort musikk – du har lært oss alle om styrken i å se hverandre og dele øyeblikk som virkelig betyr noe.

Hilsen Masfjorden bu- og aktivitetssenter MBA
Ernestas Janciauskas



MASFJORDINGEN 50 ÅR I 2025!

I Masfjordingen nr 3-2024 spurde redaksjonen for «Fjon frå fjell til fjord» lesarane om det var nokon som hadde tatt vare på dei fyrste nummera av Masfjordingen **frå 1974**.

Det viste seg at Kristen Bergsvik hadde fyrste nummeret av bladet, som var datert **oktober 1975**. Dette betyr at me må venta eit år med markeringa av 50-årsjubileet.

Historia om starten og utviklinga av Masfjordingen er skriven, men redaksjonen for «Fjon frå fjell til fjord» vil venta med å publisera historia til jubileumsåret.

Men det er mykje anna godt lesestoff i årets hefte som no er i handelen rundt om i bygdene.

Helsing redaksjonen for «Fjon frå fjell til fjord»

GMBR GJENNOMFØRER GRUNNKURS PÅ BERIVEST, SLØVÅG



Planen til brannsjef Lars Jørgen Svendsen er å utdanne rundt 40 mannskap i løpet av 2024 og 2025.

Det første grunnkurset i regi av Norges Brann og Redningsskule vart ferdig tidlegare i år, og det andre grunnkurset kom i gang no i haust. Gjengen som no deltek vert ferdig med det påkrevde grunnkurset i løpet av januar 2025.

Kursleiar er Kjell Jacobsen, tidlegare brigadeleiar i Bergen Brannvesen.

Bilda viser mannskapet som deltok på det første grunnkurset.

Tekst: Sveinung Toft, Foto: Lars Jørgen Svendsen



INFORMASJON OM BRANNTILSYN

Varsling av tilsyn og feiing skjer via SMS som blir sendt ut i forkant av besøket. Dersom du har reservert deg for offentlege meldinger blir du varsla via brev i posten. Sms kjem ifrå eit langt telefon-nummer. Dersom du er usikker på meldinga kan du kontakta brannførebyggjar eller Masfjorden kommune, tenestetorget og får då ei stadfesting på at brannvesenet har sendt ut. Det er svært viktig for oss at det kjem svar på meldinga.

Dersom me ikkje får svar på meldinga, kjem me heller ikkje på tilsyn.

Linken som ligg ved i sms treng ein ikkje gå inn på for å kunne svare, her ligg det berre meir informasjon om tiltaket som skal utførast.

Det er svært viktig for oss å ivareta branntryggleiken til innbyggjarane i kommunen, det er difor viktig at me får utført tilsyn og feiing. Det er eiger sitt ansvar at alt er i orden om det eventuelt skulle skje noko. Om det ikkje passar den dagen du har fått melding om, kan du ringe til brannførebyggjar for ny tid. Feiing kan bli utført utan at eiger er til stades så lenge det er feiing frå tak. Det er ikkje lenger faste intervall på feiing og tilsyn. Tidlegare kom vi på bustadtilsyn kvart fjerde år, og feiing kvart andre år. Ny forskrift om brannførebygging frå 1. januar 2016 seier at kommunen skal feie og føre tilsyn med fyringsanlegg ved behov. Nokre bustadar har behov for feiing oftare enn andre, avhengig av kvalitet på omnen og kor mykje han er i bruk. Difor kan du oppleve at naboer har feiing oftare enn deg. I utgangspunktet vert det ikkje utført feiing før tilsyn er gjennomført. Ein viktig del av tilsynet består av å vurdere behovet for feiing. Vert det avdekka behov, vil det verta varsla på nytt ved eit seinare høve.

Tilsyn og feiing blir utført av brannførebyggjarar som skal ha på seg uniform og ID kort.

Helsing feietenesta
v/Viviann Mjelstad og Kristian Kvinge
Du kan nå oss på tlf. 56 16 62 00, Masfjorden kommune

Melding frå **brannvesenet**.

Brannvesenet kjem på feiing av fyringsanlegg hjå deg i Austfjordvegen 1076-H0101, den **30.10.2024** - .

Svar på denne sms med talet 1 eller 2

1- Tidspunktet passar. Me har ein avtale!

2- Tidspunktet passar ikkje. Eigar tar kontakt for ny avtale.

Trykk på link for meir informasjon:
<https://q.norkart.no/dzGmrG5>

Med helsing
Gulen og Masfjorden **brann** og redning
Viviann Mjelstad (**56166200**)

Røykvarslarar reddar liv

Byt batteri på røykvarslardagen, så har du gjort eit bittelite grep for å kunne nyte alle dei andre dagane i året

Byt.
Test. Nyt

LITTERATURBÅTEN EPOS PÅ BESØK

22. oktober gjesta litteraturbåten Epos Masfjorden og la til kai på Sandnes, i Duesund og på Matre. Her fekk alle 1.- 7.klassingane i kommunen servert ei framsyning i høve 750-årsmarkeringa av Magnus Lagabøte si landslov. I framsyninga til Line Taule Fjørtoft gjorde ho eit dykk ned i ei frisk og frodig middelalderverd der ein møtte hevngjerrige kongar, morderiske forbrytarar, staute tingmenn, krigerske riddarar, tiggarmunkar, og han som prøvde å få orden på det heile: Magnus Lagabøte. Det verka som framsyninga fall i smak hjå alle i publikummet, for her var det mykje latter og engasjement frå elevane.

Alfred Fanebust-Fjellby i 4. klasse på Sandnes skule har sendt oss denne teksten frå forestillinga: *Litteraturbåten EPOS kom til kai med den gamle ferjekaien på Sandnes. Elevane i 1.- 7. klasse ved Sandnes skule var veldig klare for å høyra på ein veldig spennande historie. På veg inn på båten såg eg eit bilete av ein stygg fisk. Eg sette meg på andre rad og var klar for å høyra på forteljaren. Det kom masse forskjellige lys inn i bokbåten, og sterk musikk fylte rommet. Historia heitte «Er det lov?» og handla om norske kongar gjennom tidene og korleis lovene*



vart til. Historia om kongane var spennande og litt rar. Alle kongane var laga av dorullar. Menneske som gjorde ting kongen ikkje likte måtte på straffeplassen. Den siste kongen me fekk høyra om heitte Magnus Lagabøte. Han var i frå Bergen og er mest kjent for ei lov han skreiv for 750 år sidan, og som det vart styrt etter. Der står det mellom anna at det ikkje er lov å bita andre!

Tekst: Alfred Fanebust-Fjellby/redaksjonen
Foto: Ragne Steinde

BORGARLEG VIGSEL

Ann-Kristin Walquist og Tom Rune Daae

DØDSFALL

28.09.2024 Astrid Daae f. 1958

No kan du bestille transport i Masfjorden

Dette er rutene med bestillingstransport

Solheim til butikken på Haugsvær
Onsdagar: Avreise 10.00. Retur 12.00.

Haukeland i Indre Haugsdal til butikken på Haugsvær
Onsdagar: Avreise 10.30. Retur 13.00.

Byrkjeland-Ytre Haugsdal-Skjelsundet-Areklett til butikken på Hostelund
Fredagar: Avreise 09.30. Retur 12.30.

Rekneset-Duesund-Molland-Hostedalslia til butikken på Hostelund
Fredagar: Avreise 11.00. Retur 13.45.

Masfjordnes ferjekai-Kvingedalen til butikken på Kvingo og vidare til Einestrand og tilbake til butikken.
Torsdagar: Avreise 09.30. Retur 12.00.

Ingen av rutene køyrer på heilagdagar.


Slik bestiller du transport

- Lest ned appen **Skyss Bestilling** og legg inn bestillinga di.
- Legg inn bestillinga på nettsida **skyss.no/bestilling**.
- Ring oss på telefon **55 55 90 99** måndag-fredag klokka 08.00-17.00.



Lurer du på noko?

Kontakt oss måndag til fredag klokka 08.00-17.00 på telefon 55 55 90 99



Årets bok er i handelen

og kostar kr. 200,- pr. stk.

Du får kjøpt den i alle butikkane i kommunen og på kommunehuset.

JULEKONSERTAR

Sandnes kyrkje	laurdag 14.desember kl 17
Frøyset kyrkje	søndag 15. desember kl 15
Solheim kyrkje	søndag 15.desember kl 18
Masfjorden sjukeheim	tysdag 17.desember kl 17

Fri entré
Kollekt til Kirkens nødhjelp
Arr.: Song og musikk-krefter i Masfjorden

LOKALMØNSTRING 2025

FOR UNGDOM I ALVER, MASFJORDEN OG AUSTRHEIM KOMMUNE
LAURDAG 1.FEBRUAR
STAD: STORSTOVA PÅ LEKNES BARNESKULE
ALDERSGRENSE: 13-20 ÅR.
Fyller du 13 år i 2025 kan du delta.
PÅMELDING UKM.NO

DELTA MED TIL ROMES:
DANS
TEATER
KUNST
LITTERATUR
FILM
KONFERANSIER
MEDIA
UNG ARRANGØR
MUSIKK: BAND, INSTRUMENT
ELLER SONG
HUSBAND FOR DEI MED SONG

PÅMELDINGSFRIST FOR UNGE ARRANGØRAR, MEDIA OG KONFERANSIERAR 2.DESEMBER

PÅMELDINGSFRIST FOR DELTAKARAR 13.JANUAR

UKM
UNG KULTUR MØTAST

KONTAKTINFORMASJON

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@
masfjorden.kommune.no

torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no
eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no
Formgjeving: Mary Hope



MASFJORDEN KOMMUNE

Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES
www.masfjorden.kommune.no



FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen:
29. januar, 26. mars, 4. juni
Notér datoen i årshjulet
for organisasjon din.

Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige
stunder frå hendinga i etterkant,
slik at folk i bygdene kan få
eit innblikk i det som skjer.

KYRKJA

Tlf. 56 16 62 61
e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
epost kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele
@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærar:
Else Iren Westervik
Tlf: 56 16 62 62 / 952 26 595
Epost: else.iren.westervik@kyrkjaimasfjorden.no

GOD JUL
OG GODT NYTTÅR!



Konfirmantarbeidar:
Alf Holmaas Helland
Tlf. 920 20 148
Epost:
alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no

Organist: Boris Kuprijanov Tlf. 920 60 993
e-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513